 - Nesten ingen følger «svært sjeldan» eller «sjeldan» punkta
- Attestantar: Forbetringspunkt på kontroll av pris, tariff og sats.

Konklusjon

Med utgangspunkt i dei funna som er gjort i denne kontrollen kan vi i det alt vesentlege konkludere med følgjande:

- Revisjonskriterie 1: Oppfylt
- Revisjonskriterie 2a: Oppfylt
- Revisjonskriterie 2b: Oppfylt

Revisjonen gir ei normal uttale for 2023

Rapportering

- Våre funn og konklusjonar er rapportert til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren den 5. juni 2024
- Vi fekk signert fullstendighetserklæring frå kommunen datert 10. juni 2024.

“ Vi vil bidra til økt tillit mellom innbyggerne og våre eierkommuner ”

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Møre og Romsdal Revisjon SA v/oppdragsansvarlig revisor Ronny Rishaug	Kopi til Kontrollutval Fjord kommune
---	--

Uttale frå ledelsen vedrørende forenkla etterlevelingskontroll 2023 – Attestasjon og tilvising

Ledelsen sitt ansvar

- Vi er kjent med, og har oppfylt vårt ansvar for å utforme og iverksette en hensiktsmessig intern kontroll for å sikre etterleving av lov, forskrift og egne reglementer.
- Vi stadfester at vi har gitt revisor all informasjon som er relevant og vesentleg for forenkla etterlevelingskontroll av attestasjon og tilvising
- Vi kjenner ikkje til at det er manglande etterleving av lov, forskrift eller egne reglementer i fjord kommune.

Kommentarar/tilleggsopplysningar:

Valldal, 10. juni 2024


Bjørn Inge Ruset
kommunedirektør

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 19/24	Fjord kontrollutval	02.09.2024

Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet sluttar seg til framlagte plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 for Fjord kommune. Forslag til plan vert sendt kommunestyret med følgande tilråding:

1. Fjord kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 slik den ligg føre med følgande prioriterte områder:
 - a. Personalforvaltning
 - b. Oppvekst
 - c. Økonomistyring
2. Kontrollutvalet får mynde til å gjere endringar i planen og prioriteringa om risikobilete for Fjord kommune endrar seg i perioden.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode. Dette er heimla i kommunelova §23-2 c og forskrift om kontrollutval og deira oppgåver.

Fjord kontrollutval gjorde i sitt møte 29. januar 2024 (sak 03/24) vedtak om å bestille ei risiko- og vesentleg vurdering (ROV rapport) frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Dette som eit grunnlag for, og start på arbeide med ein endeleg plan for forvaltningsrevisjon for Fjord kommune. Rapporten viser vurderingar av kor risikoen for feil og manglar er størst, og kor vesentleg dette kan seiast å være.

Vurdering:

Fjord kontrollutval har i sitt møte 27. mai 2024 hatt diskusjonar med sekretariatet og kommunerevisjonen for å diskutere moglege tema, få innspel og kommentarar. Sekretariatet hadde møte med kommunerevisjonen 26. juni 2024 for å avstemme arbeidet så langt og

diskutere dei funn som er avdekt i overordna analyse. Det har difor vore ein grundig prosess fram til det forslaget til plan som ligg føre.

Med bakgrunn i nemnte arbeid har sekretariatet laga eit utkast til plan som bygger på kontrollutvalet sine prioriteringar. Plana ligg som vedlegg til denne saka i lag med risiko- og vesentleg vurdering. Midtveis i perioden bør kontrollutvalet vurdere om plana treng å reviderast.

Kontrollutvalet kan nytte ulike verktøy til sine kontrollhandlingar. Utvalet bør til ein kvar tid gjere ei vurdering av kva kontrollhandlingar som er mest tenleg å nytte. For å ha eit slikt handlingsrom vil kontrollutvalet be kommunestyret om fullmakt til å fråvike dei vedtekne prioriteringane i plana om risiko- og vesentleg bilete vert endra. Dette er foreslått i punkt 2 i tilrådinga.

Vedlegg

Fjord kommune plan for forvaltningsrevisjon 2024 til 2027

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Fjord kommune



Plan for forvaltningsrevisjon Fjord kommune 2024 – 2027.

Innhald

Bakgrunn	2
Innhaldet i forvaltningsrevisjon	3
Gjennomføring og rapportering.....	4
Vurdering og prioriteringar i perioden	5
Gjennomførte forvaltningsrevisjonar i Fjord kommune i perioden 2019 – 2023.....	6
Avslutning	7

Bakgrunn

Kontrollutvalet er pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Dette kjem fram i kommunelova kapittel 23. Kommunestyret må sjølv vedta denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering frå kommunestyret.

Det er eit krav om at behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike tenesteområda skal bli identifisert med utgangspunkt i ei risiko- og vesentleg vurdering (ROV). Kontrollutvalet har bestilt denne rapporten som er utarbeid av Møre og Romsdal Revisjon SA og følger som vedlegg til denne planen.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll med forvaltninga men kontrollutvalet er det organet som på vegne av kommunestyret skal gjennomføre denne løpande kontrollen. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre avgrensingar enn dei som er eventuelt gitt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at Fjord kommune er gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg det at kontrollutvalet har ei rolle i forhold til å velje ut prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kraft av å ha det overordna kontrollansvaret i kommunen kan kommunestyret gje instruksar om igangsetjing av prosjekt. I mangel av slike prosjekt, avgjer kontrollutvalet sjølv dei tenesteområda som skal være gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet har etter kvart blitt ein sentral del av kontrollarbeidet i kommunal sektor. Det er difor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve eit mest mogleg målretta og effektiv kontrollfunksjon. Kontrollutvalet vil ha planen til løpande vurdering og kan be om fullmakt til å gjere endringar i planen dersom dette vært naudsynt.

Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret sjølv bør ha ei aktiv og styrande rolle. Det at kommunestyret har rett til å gje detaljerte instruksar, er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar, bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit kontrollutval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Innhaldet i forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, oppnådd resultat og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. I dette ligg følgande punkter:

- ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- regelverket blir etterlevd
- styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultatata er nådd

Forvaltningsrevisjon skal vere eit reiskap for det øvste politiske organ i forhold til å føre kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Punkta over seier noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultatata er i tråd med vedtak og føresetnadar. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I høve til forvaltningsrevisjon, set ikkje regelverket klare avgrensingar til bruk av ressursar. Dette fordi ein ikkje finn det tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det å ikkje avgrense til økonomi, er likevel ikkje det same som at ein ikkje skal fokusere på økonomi.

Det er viktig at kontrollutvalet samordnar sitt arbeide med forvaltningsrevisjonar med andre statlege etatar som skal gjennomføre tilsyn med kommunen.

Forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter «god kommunal revisjonsskikk» og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

Gjennomføring og rapportering

Kommunens verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige tilhøve og eksterne vilkår knytt til økonomi, sysselsetting, statlege føringar og krav vil variera i løpet av nokre år. Desse variasjonane kan ha innverknad på kva for område der det er mest hensiktsmessig å setja inn ressursar til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Denne planen er utarbeidd med tanke på forvaltningsrevisjon i gjeldande 4 årsperiode. I tillegg til løpande vurdering av planen kan den bli rullert ved behov, for eksempel etter 2 år. Kontrollutvalet vurderer at det bør gjennomførast 2 forvaltningsrevisjonsprosjekt i planperioden i Fjord kommune.


Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet bestille forvaltningsrevisjon.

Sekretariatet er administrasjonen til kontrollutvalet og hjelper utvalet i å utføre bestillar rolla. Utvalet bestiller forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og eventuelt andre undersøkingar, mens rekneskapsrevisjon er eit løpande oppdrag. Revisjonen rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kontrollutvalet, som igjen rapporterer til kommunestyret.

For saker som er bestilt frå revisjonen, vil oppgåva til sekretariatet i hovudsak vere å sikre at produktet er i samsvar med bestillinga til kontrollutvalet. Kontrollutvalet vedtar problemstillingar og prosjektplan.

Kontrollutvalet har ansvar for å rapportere om gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og om resultata av disse til kommunestyret. Dette kan skje ved at kvar rapport blir lagt fram eller at det ein gong i året blir lagt fram ein rapport om gjennomførte prosjekt i år. For Fjord kommune vil tal på forvaltningsrevisjonar ligga på eit nivå som gjer det mest naturleg å leggja rapportane fram for kommunestyret etter kvart som dei er ferdige.

Illustrasjonen under viser korleis kontrollutvalet og kommunerevisjonen samarbeider kring arbeidet med ein forvaltningsrevisjon. Vidare synar det også oppgåvefordelinga mellom dei to.



Vurdering og prioriteringar i perioden

Omfanget av forvaltningsrevisjonar bygger på funn i risiko- og vesentleg vurderinga (ROV) og dei ressursar som vert stilt til disposisjon for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Den må sjåast på som eit verktøy til å gjera ei prioritering av område/tema som er aktuelle for forvaltningsrevisjon saman med dei innspela som er mottatt, dialog med revisor og kontrollutvalet sine eigne drøftingar og vurderingar.

Kontrollutvalet har med bakgrunn i drøftingar gjort følgande prioriteringar for planperioden:

1. Personalforvaltning

Grunnlaget for val av dette området i risiko- og vesentleganalyse finn ein omtalt på sidene 36 - 38 i rapporten. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan være:

- Førebyggje sjukefråvær
- System for styrking av arbeidsmiljø
- Rekruttering

2. Oppvekst

Grunnlaget for val av dette området i risiko- og vesentleganalysa finn ein omtalt på sidene 39 - 41 i rapporten. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan være:

- Kvaliteten i grunnskulen
- Psykososialt læringsmiljø
- Effektar av spesialundervisning

3. Økonomistyring

Grunnlaget for val av dette området i risiko- og vesentleganalysa finn ein omtalt på sidene 25 - 26 i rapporten. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan være:

- Kvaliteten på internkontroll
- Økonomiske risikovurderingar
- Kompetanse og ressursar

Kvart enkelt prosjekt vil bli nærare spesifisert ved handsaming i kontrollutvalet i samband med bestilling av det enkelte prosjekt. Kontrollutvalet gjer den naudsynte prioritering, avgrensing og bestilling av prosjekta i perioden.

Gjennomførte forvaltningsrevisjonar i Fjord kommune i perioden 2019 – 2023.

Forvaltningsrevisjon av psykisk helse og rus.

Fjord kontrollutval gjorde i sitt møte 21. mars 2022 følgande vedtak på tilråding til kommunestyret:

1. Fjord kommunestyre tek rapporten frå forvaltningsrevisjon av psykisk helse og rus til vitande.
2. Kommunestyret tilrår at kommundirektøren ser til at internkontroll- og kvalitetssystem raskt kjem på plass, samt skriftelege prosedyrar for dei ulike arbeidsprosessane. Systemet må gjerast godt kjent for leiarar og andre tilsette.
3. Kommunestyret bed om ei sak snarast for å politisk handsame Folkehelseoversikt Fjord kommune 2019-2023 og at det så vert utarbeidd ein plan for Helse og velferd på grunnlag av folkehelseoversikta.
4. Kommunestyret tilrår at kommundirektøren etablerer system som tek i vare dei tilrådingane som rapporten peikar på, spesielt knytt til psykisk helseteam og deira tenester.

5. Kommunestyret bed kommunedirektøren vurderer tiltak for å styrke samhandlinga mellom dei ulike som yter tenester til innbyggerane innan området psykisk helse/rus.

6. Kommunedirektøren bør sikre at kontaktinformasjon til aktuelle fagpersonar er lett tilgjengeleg for innbyggerane.

Kommunestyret fatta vedtak 12.05. 2022 (sak 27/22) i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet. Utvalet følgde opp vedtaket gjennom 2023, og inviterte kommunedirektøren til å gje informasjon om status på tilrådingane.

Avslutning

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei einsskilte forvaltningsrevisjonane.

Kontrollutvalet ber om delegert fullmakt til å iverksette forvaltningsrevisjon på andre områder enn dei som er foreslått/vedtatt dersom kontrollutvalet meiner dette vil ha høgare nytteverdi.

Kommunestyret har også mynde til å pålegge kontrollutvalet å gjennomføre andre konkrete bestillingar i løpet av planperioden dersom det er ønskeleg.



RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING 2023-2027

FJORD KOMMUNE

Grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Endeleg rapport

mai 2024

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA er på heimesida vår:

www.mrrevisjon.no

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med kontrollutvalet i kommunen gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette gir eit grunnlag for kontrollutvalet sin vidare prosess med utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2023-2027.

Risiko- og vesentlegvurdering (ROV) går gjennom kommunal verksemd og eigarskap i Fjord kommune. Rapporten summerer opp resultatane frå gjennomgangen vår av verksemda, på bakgrunn av dei identifiserte risikoane som ligg til grunn for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vi takkar kontrollutvalet, sekretariatet, folkevalde og kommunedirektøren med administrasjon for nyttige bidrag. Bidraga har skapt eit godt utgangspunkt for kontroll og betring av Fjord kommune.

Ålesund, 10.05.2024

Martin G. Mortensen
Dagleg leiar

Stefan Hovden
Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Basert på gjennomført risiko og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt innan følgjande tema:

- Økonomistyring
- Grunnskule, psykososialt læringsmiljø og spesialundervisning
- Byggesakshandsaming
- Personalforvaltning
- Attvin AS – Berekraft og sjølvkost (i lag med andre kommunar)

I det følgjande er det kort skildra bakgrunn for tema som er vurdert. Vidare i rapporten er det meir utfyllande om kva for funn og indikatorar som er lagt til grunn for vurderinga vår om at der er desse tema og vinklingane som har høg risiko. I rapporten er det fleire tema som vi har vurdert til middels risiko, som kontrollutvalet kan prioritere opp om det er grunn til det.

TILLITSSKAPANDE FORVALTNING – ØKONOMISTYRING

Kommunen har dei siste åra hatt ein utfordrande økonomisk situasjon, samstundes som at fleire utfordringar i åra som kjem vil leggje ytterlegare press på økonomien i kommunen. Ein forvaltningsrevisjon som ser på korleis kommunedirektøren legg opp prosessane for økonomiarbeidet i kommunen for å halde vedtekne budsjett, og korleis budsjettgrunnlag og rapportering til kommunestyret blir utforma, kan gjere at kommunen får mest mogleg ut av tilgjengelege ressursar og er i best mogleg stand til å gjere politiske prioriteringar.

TENESTEYTING OG MYNDEUTØVING – GRUNNSKULE, PSYKOSOSIAL LÆRINGSMILJØ OG SPESIALUNDERVISNING

Kommunen har eit relativt høgt tal på elevar med spesialundervisning, og dei elevane som mottek spesialundervisning har eit relativt høgt timetal med spesialundervisning. Det kan vere fleire årsaker til at bilete er slik. Ein forvaltningsrevisjon kan sjå på om kommunen har tilstrekkeleg internkontroll for å sikre at krava i opplæringslova bli følgd, korleis kommunen arbeider med å førebygge brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø og om kommunen oppfyll aktivitetsplikta for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø, og i kva grad bidrar arbeidet til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) til å skape eit inkluderande læringsmiljø på skulane. Med bakgrunn i forvaltningsrevisjonen kan kommunen bli betre og trygg på dei system og rutinar dei har i grunnskulen for at elevane skal få best mogleg vilkår for opplæringa.

TENESTEYTING OG MYNDEUTØVING – BYGGESAKSHANDSAMING

Det er fleire indikasjonar på at byggesakshandsaminga i kommunen er under press. Ein forvaltningsrevisjon som undersøker om kommunen sikrar god sakshandsaming og etterleving av lov og forskrift, om den gir innbyggjarane god service i byggesaker, om det er utvikla internkontroll på området, samt korleis kommunen handterer sjølvkostutrekningar, kan bidra til at kommunen når dei mål dei har for området.

TENESTEYTING OG MYNDEUTØVING – PERSONALFORVALTNING

Kommunen har utfordringar med sjukefråvær som legg press på tenesteytinga og økonomien. Ein forvaltningsrevisjon som ser på korleis kommunen arbeider med å førebyggje og redusere sjukefråvær, i kva grad det er etablert system og tiltak for å styrke arbeidsmiljøet og nærværet, og i kva grad tilsette som er sjukemeldt blir følgt opp, kan sikre betre tenesteproduksjon og økonomi i kommunen.

FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP – ATTVIN AS

Attvin AS utfører viktige tenester for kommunen innan berekraftsmåla. Selskapet leverer viktige tenester direkte til innbyggjarane, og har direkte konsekvens for fakturaen innbyggjarane mottek. Selskapet er eigd av fleire kommunar, og det kan vere aktuelt med eit felles prosjekt eigarkommunane imellom som ser på selskapet si måloppnåing innan berekraftsmåla og at sjølvkostberekningane er rett.

AKTUELLE OMRÅDE FOR EIGARSKAPSKONTROLL

Basert på gjennomført risiko og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan følgjande tema:

- Eigarstyring, rapportering og oppfølging av lovkrav

EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarstyring er eit område med fleire risikoar som mellom anna har vore avdekt i ein tidlegare eigarskapskontroll. Ein eigarskapskontroll kan bidra til at kommunestyret sine vedtak og mål med eigarskapen blir oppfylt, og at reglar for eigarskapsstyringa blir etterlevd, slik at kommunen når måla, sine innbyggjarane får betre teneste og kommunen får styrka omdømme sitt.

INNHALD

SAMANDRAG	4
1. INNLEIING	7
1.2 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING	7
1.3 FORVALTNINGSREVISJON	7
1.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP KOMMUNEN EIG.....	8
1.5 EIGARSKAPSKONTROLL.....	8
1.6 METODE.....	8
1.7 OPPBYGGING AV RAPPORTEN – LESARRETTLEIING	12
2. OM KOMMUNEN	13
2.1 ORGANISERING	13
2.2 KOMMUNEN SINE VISJONER, MÅL OG SATSINGSOMRÅDE	14
2.3 ØKONOMISKE RAMMER OG MÅLTAL	15
2.4 KOMMUNEBAROMETERET 2023.....	16
2.5 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TENESTE	17
3. RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN - FORVALTNINGSREVISJON	18
3.1 BEREKRAFT OG SAMFUNNSUTVIKLING	18
3.2 LOKALDEMOKRATI	21
3.3 TILLITSSKAPANDE FORVALTNING	25
3.4 TENESTEYTING OG UTØVING AV MYNDE	35
4. RISIKO OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON	51
4.1 INNLEIING.....	51
4.2 EIGARSKAP I FJORD KOMMUNE	53
4.3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP.....	56
4.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP	61
REFERANSELISTE	63
VEDLEGG: OVERSIKT OVER INTERKOMMUNALE SAMARBEID	65

1. INNLEIING

1.1 BESTILLING

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll etter bestilling den 29. januar 2024 av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal syte for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollert. For å sikre at kommunestyret vel dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planane skal vere basert på risiko- og vesentlegvurdering.

I dette kapitelet ser vi nærare på kva risiko- og vesentlegvurdering, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er samt metode og kva for informasjonsgrunnlag vi har nytta som grunnlag for vurderingane våre.

1.2 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å avdekkje om dei områda der det kan vere størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det finst ingen spesifikke krav til korleis ein skal gjennomføre denne vurderinga, anna enn at ho skal byggje på ei evaluering av risiko og kva som er vesentleg.

Risiko omfattar potensialet for avvik frå regelverk, mål, vedtak og andre retningslinjer som kommunen har for verksemda. Risiko består av både sannsynet og konsekvensen av slike avvik. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv, inkludert økonomi, politikk, brukarbehov, medarbeidarinteresser, samt samfunns- og miljømessige omsyn.

Det finst ingen objektiv storleik som kan nyttast til å avgjere kva som er vesentleg. For å prioritere mellom områda der det er identifisert risiko for avvik, må kontrollutvalet til slutt gjere ei skjønsmessig vurdering av kva område som er mest vesentleg.

1.3 FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader basert på vedtak frå kommunestyret eller fylkestinget. Forvaltningsrevisjon fungerer som ein kontrollmekanisme mellom kommunestyret og administrasjonen samtidig som ho kan ha stor betydning for læring og utvikling.

1.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP KOMMUNEN EIG

Kontrollutvalet har plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både internt i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i. forvaltningsrevisjon kan i prinsippet utførast i alle typar selskap kommunen har eigarinteresser i.

Døme på tema for forvaltningsrevisjon i selskap inkluderer måloppnåing, offentlege anskaffingar, habilitet, etikk og samfunnsansvar, arbeidsmiljø og økonomisk drift. Krava til forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet dei same, uavhengig av om revisjonen vert utført i kommunen eller i eit selskap.

Når kommunen organiserer verksemda gjennom selskap, påverkar dette likevel moglegheitene for styring, innsyn og kontroll. Kontrollutvalet må difor ta omsyn til spesifikke høve ved forvaltningsrevisjon med selskap. Dette inkluderer eigne reglar for kontrollutvalets rett til innsyn i selskapet. Det kan òg vere naudsynt å samordne kontrollen dersom fleire kommunar eig selskapet saman.

1.5 EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll handlar om å sjekke om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i tråd med lover, forskrifter, vedtak frå kommunestyret og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det er eit skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis syner likevel at det er ein glidande overgang mellom desse to hovudkategoriane, og at det i enkelte høve kan vere vanskeleg å skilje dei. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er to ulike former for kontroll, og er regulerte i kvar sine paragrafer i Kommuneleva. Av denne grunn blir områda omtalte i eigne kapittel.

1.6 METODE

Kva har vi gjort?

Vi har arbeidd med å identifisere dei områda i kommunen som har størst risiko for feil og manglar. Dette kallar vi ein risiko- og vesentlegvurdering.

Korleis har vi gjort det?

1. Vi har studert lover og rettleiingar. Vi har undersøkt kva lovgjevinga seier om risiko- og vesentlegvurderinga, rettleiaren til NKRF for risiko- og vesentlegvurdering og andre gjennomførte vurderingar.

Vi har brukt Kommuneleva som utgangspunkt. Kommuneleva definerer kva kommunen skal vere og gjere. Difor har vi nytta lova til å inndele kommunen sin verksemd i ulike

område. Kommunen skal tilby tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane, utøve offentleg mynde og bidra til ein effektiv, tillitsskapande og berekraftig forvaltning.

Basert på kommunen sine ansvarsområde etter Kommuneleva har vi delt risiko- og vesentlegvurderinga inn i fire hovudområde:


- Berekraft og samfunnsutvikling
- Lokaldemokrati
- Tillitsskapande forvaltning
- Tenesteyting og myndeutøving

2. Vi har identifisert vesentlege risikoar for kommunane. Kva utfordringar møter kommunar generelt sett, korleis utviklar samfunnet seg, kva føresetnader har kommunane, kva må dei til omsyn til, kva pålegg har dei, kva forventingar har dei til sittande politisk leining, og kva er dei generelle risikoane i dagens samfunn? For å finne svar på dette har vi henta informasjon frå kjelder som Kommunanes Sentralforbund, Økokrim, Helsedirektoratet, Politiets sikkerheitsteneste og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi har valt ut tema som vi meiner er vesentlege og utgjer ein risiko for alle kommunar. Innan kvart tema har vi identifisert moglege risikofaktorar som òg gjeld for alle kommunar.

Desse er valde ut med bakgrunn i regelverk, element i internkontroll, andre risiko- og vesentleganalysar, forventingar frå Statsforvaltaren og vår eigen kunnskap på området. Risikofaktorane kan òg sjåast i samanheng med områda ein forvaltningsrevisjon kan rettast mot, som er økonomi, produktivitet, regeloverhaldning, måloppnåing og verknader.

3. Vi har vurdert risikoen i kommunen. Basert på informasjon vi har samla inn om kommunen, vurderer vi kva risikofaktorar som ser ut til å vere mest relevante for kommunen. Vi vurderer om risikoen er låg, middels eller høg. Risiko blir delt inn i sannsyn for at hendinga inntreffer og konsekvensar om hendinga inntreffer. Dette rangerer vi òg som låg, middels eller høg, og endar opp med ei vurdering av risiko. Dersom risikoen er høg eller middels, kjem vi med forslag til moglege tema for forvaltningsrevisjon.
4. Høyring av risiko- og vesentlegvurderinga til ordførar og kommunedirektør. Vi tek omsyn til innspel som kjem, og eventuelt justerer informasjon og vurderingar. Etter at steg fire er ferdig, sender vi risiko- og vesentlegvurderinga over til kontrollutvalet.
5. Kontrollutvalet bør i steg fem vurdere kva risikoområde som er mest aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Basert på denne vurderinga, utarbeider kontrollutvalet ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Tabell 1.6.1. Ein visuell framstilling av korleis arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga er løyst i 5 steg



Kjelde: MRR SA

Vi summerer opp vår vurdering i følgjande risikotabell:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå av sannsyn	Grunngjeving for konsekvensnivå	Sannsyn	Konsekvens	Risiko-nivå
Aktuelle risiko-faktorar	Kort skildring	Kort skildring	Høg	Høg	●
			Middels	Middels	●
			Låg	Låg	●

Risikofaktorane er dei eller den mest relevante for kommunen.

Grunngjevinga for nivå av sannsyn: korte skildringar av kva kommunen gjer (eller ikkje gjer) for å redusere risiko.

Grunngjevinga for konsekvensnivået: kan sjåast frå ulike perspektiv og skildrar konsekvensane om risikofaktoren skulle inntreffe.

Sannsyn: vår vurdering av om det er lågt, middels eller høgt sannsyn for at vald risikofaktor inntreff.

Konsekvens: vår vurdering av om det er låg, middels eller høg konsekvens om vald risikofaktor inntreff.

Risikonivået: vår vurdering av om det er låg, middels eller høg risiko.

Vår vurdering av risiko- og vesentlegheit fører til forslag til tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll der det er aktuelt.

INFORMASJONGRUNNLAG OM KOMMUNEN

For å skaffe informasjon om risikoområde i kommunen, nytta vi fleire kjelder:

- Dialog med kontrollutvalet 2019-2023 og kontrollutvalet 2023-2027
- Oppstartsmøte med kommunedirektør
- Samtale med kommunedirektør, kommunalsjefar og personalsjef
- Faktasjekk med ordførar og kommunedirektør
- Kommuneplanen si samfunnsdel 2020-2036
- Budsjett- og økonomiplan 2023-2026
- Årsmelding 2022 og 2023
- Kommunens eierskapsmelding
- Kommunebarometeret for 2023
- Årsrapport 2021 - Møre og Romsdal 2025
- FHI: Folkehelseprofilen 2023, Fjord kommune
- Arbeidsmiljøutvalgets årsrapport 2022
- Rapporter fra forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
- Tilsynskalender fra Statsforvalteren
- Revisjonens erfaring/kunnskap om kommunen

Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant leiarar og politikarar i kommunen.

Av totalt 19 politikarar var det 4 politikarar som svarte på spørjeundersøkinga. Dette gir ein svarprosent på 21%. Av totalt 6 leiarar som fekk undersøkinga var det 4 som svarte. Dette gir ein svarprosent på 67 %.

Svara frå undersøkinga blir nytta som eit supplement til informasjon vi innhentar frå fleire kjelder. Vi har hatt dialog med oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Rapporten er sendt på høyring til kommunen og ordførar, og vi har teke med innspel og tilbakemeldingar frå desse.

Dokument frå ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er tilgjengeleg på nettsida til kommunen. Vi har gått gjennom desse dokumenta for 2022 og 2023.

AVGRENSINGAR

Risiko- og vesentlegvurderinga er gjort på eit overordna nivå. Omfanget er avgrensa ut frå kva som er føremålet med analysen, det vil seie å identifisere kvar det er størst behov for

forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysen er vidare avgrensa av ressursar vi har hatt til rådvelde. Vi påpeikar at risiko- og vesentlegvurderinga er gjort med kvalifisert skjøn, og skal ikkje tolkast som eksakt vitenskap.

BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Vi har valt å halde vurderinga på eit overordna nivå. Når ein forvaltningsrevisjon skal bestillast av kontrollutvalet, er det naturleg at detaljeringsgraden innan det valde område blir skjerpa. Her ser vi føre oss at risikofaktorane kan vere til god nytte.

1.7 OPPBYGGING AV RAPPORTEN – LESARRETTLEIING

I kapittel 2 blir det gitt ein oversikt over kommunen si organisering, økonomi, mål og resultat frå Kommunebarometeret, interkommunale samarbeid og eigarskap.

Kapittel 3 består av risiko- og vesentlegvurderinga for forvaltningsrevisjon. Vurderinga er delt inn i fire hovudområde. Innan kvart hovudområde kan det vere fleire underområde. Kvart underområde vil vere bygd opp på same måte:

1. Kort innleiing om temaet, kvifor området er vesentleg og kva som er moglege risikoar. Dette gjeld for alle kommunar.
2. Liste over moglege risikofaktorar innan området. Gjeld òg for alle kommunar.
3. Data om Fjord kommune og eventuelle risikoreducerande tiltak.
4. Vår vurdering og ein tabell som summerer opp risikovurderinga vi har gjort.
5. Eventuelt forslag til aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Kapittel tre avsluttast med ein oversikt over risikoområder med middels og høg risiko- og vesentlegvurdering. Kapittel fire handlar om risiko- og vesentlegvurdering i selskap, både forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll.

AVGRENSING

Risiko- og vesentlegvurderinga er gjort på eit overordna nivå. Omfanget er avgrensa ut ifrå kva som er føremålet med analysen, det vil seie å identifisere kor det er størst nytte for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Følgeleg er ikkje alle område av kommunen si verksemd handsama eksplisitt i rapporten. Analysen er vidare avgrensa av tidsramma vi har hatt tilgjengeleg. Vi gjer merksam på at risiko- og vesentlegvurderinga er gjort med kvalifisert skjøn og basert på dei funn som er avdekt i kjeldene. Områda som er vurdert til å ha middels eller høg risiko må bli tolka som at det er indikasjonar på risiko, og ikkje ein konklusjon om at det er feil, avvik eller brot på regelverk.


2. OM KOMMUNEN

I dette kapittelet ser vi på kommunen sine mål og satsingsområde, økonomi, samarbeid og eigarskap. Det gir ein bakgrunn for risiko- og vesentlegvurderinga.

2.1 ORGANISERING

Kommunes administrasjon er leia av kommunedirektør samt assisterende kommunedirektør, kommunalsjefar og økonomisjef.

Under er kommunen sitt organisasjonskart datert 1. juni 2023:



Kommunen skriv som ei fotnote til organisasjonskartet at tilsette i dei svarte boksane på det tidspunktet var konstituert i stillinga.

2.2 KOMMUNEN SINE VISJONER, MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

Kommuneplanen er kommunen si overordna styringsdokument for Fjord kommune og gjeld alle som bur og arbeider i kommunen. FNs berekraftsmål ligg til grunn for kommuneplanen.

Samfunnsdelen viser korleis kommunen skal utvikle tenestene, leggje til rette for samfunnsutvikling og løyse oppgåver. Planen tar stilling til langsiktige utfordringar (2021 – 2033), fastsett mål og strategiar for kommunen og er grunnlaget for sektorane sine planar og oppgåver.

Målsettingane til kommunen har fire punkt:

1. *Vidareutvikle det gode livet*
2. *Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen*
3. *Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk*
4. *Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidretta tenester.*

I kommuneplanen sin samfunndel har ein visjon om «gode vekstvilkår» som er kvalitetar som er ønska at skal prege kommunen:

- *Livskraftig*
- *Skapande*
- *Nær*
- *Raus*
- *Berekraftig*

Kommunen sine finansielle måltal dei siste åra viser at kommunen sitt handlingsrom er avgrensa. I årsmeldinga visast det til at kommunedirektøren på eit overordna nivå i 2023 sette i verk følgjande tiltak for å betra den økonomiske situasjonen:

- *Innkjøpsregulering på alle område i kommunen*
- *Redusert aktivitet med investeringar*
- *Tilsettingstopp/-regulering - Redusert bruk av overtid*
- *Tett oppfølging og rapportering*

2.3 ØKONOMISKE RAMMER OG MÅLTAL

Kommunen sine finansielle måltal som skal bli nytta til å vurdere kommunen sitt handlingsrom:

	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Stort handlingsrom
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	<1 %	1 % -1,75 %	>1,75 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	<4 %	4 % - 9 %	>9 %
Gjeldsgrad, netto lånegjeld i % av driftsinntekter	>100 %	100 % - 80 %	<80 %

Fjord kommune har følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt minimum 1,75 %
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekt minimum 10 %
- Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt maksimum 85 %

Kommunen sine finansielle måltal for dei tre siste åra viser at:

Fjord kommune	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
Netto driftsresultat i % av driftsinntekt	-4,0 %	-1,8 %	0,7 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekt	0,0 %	0,0 %	0,8 %
Gjeldsgrad, netto lånegjeld i % av driftsinntekt	101 %	108 %	110 %

Kjelde: Årsmelding 2022 og SSB Kostra.

Kommunen sine finansielle måltal dei siste tre åra viser at kommunen sitt handlingsrom er avgrensa. Kommunen skriv:

Netto driftsresultat for Fjord kommune var i 2023 kr 3.140.708. Dette vert rekna ut med brutto driftsresultat (driftsinntekter – driftsutgifter), minus netto finansutgifter og pluss avskrivningar. Ved å måle dette mot driftsinntekter får vi følgjande nøkkeltalet:

«Måltal Fjord kommune Minimum 1,75 % Resultat 2023: 0,8 %»

Dersom Fjord kommune skulle nå måltalet for 2023 måtte netto driftsresultat vere kr 7,327 mill; altså ei resultatforbetring på knappe kr 4,1 mill. Kostratal viser netto driftsresultat målt mot driftsinntekter på 0,8 % for nasjonalt nivå. Altså ligg Fjord kommune på same nivå som gjennomsnitt for Noreg, men godt under fastsett måltal. Fjord kommune har hatt negativt netto driftsresultat tre av dei fem siste åra. Kommunen opplysa i årsmeldinga viktigheita av at forbetringa som vises for 2023 vert vidareført i 2024 med budsjett disiplin og god styring. (Årsmelding 2023)

2.4 KOMMUNEBAROMETERET 2023

Kommunebarometeret er ein samanlikning av kommunane basert på 155 nøkkeltal innan 12 sektorar (Kommunal Rapport 2023). Hensikta er å gje ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunane driv. Resultatet gir ein indikasjon, sjansen til å stille spørsmål og ikkje minst lære av andre kommunar. Tala er i hovudsak henta frå SSB sin KOSTRA-database for 2022. Det er i tillegg henta statistikk frå kjelder som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforskning.

I det førebelse barometeret er kommunane rangert etter ujustert poengsum. Kommunane blir rangert innan kvar einskilde nøkkeltal, kvar sektor og totalt. Karakteren speglar kommunen si plassering i sektoren relativ til dei andre kommunane. Karakteren blir med andre ord ikkje satt ut frå definerte kriterier for kva som er objektivt “bra” eller “dårleg”. Eit rødt nøkkeltal betyr at dei fleste andre kommunane gjorde det betre. For somme nøkkeltal gjer heile Kommune-Noreg det bra. Så bra, at sjølv dei kommunane som kjem ut lågt, ligg godt over normer og over minimumskrav til tenesta.

Kategori	Fjord kommune sin rangering av totalt 356 kommunar
Grunnskule	89
Pleie og omsorg	281
Barnevern	324
Barnehage	213
Helse	298
Sosialtenesta	325
Kultur	82
Klima og natur	29
Sakshandsaming	290
Vatn og avløp	46
Økonomi	324
Kostnadsnivå	292

Kjelde: Kommunebarometeret 2023

I kommunebarometeret for 2023 kan vi lese:

Fjord havner på en 287. plass i den endelige utgaven av Kommunebarometeret 2023 fra Kommunal Rapport. I 2020 slo Norddal og Stordal seg sammen til det som i dag er Fjord kommune. Det skaper utfordringer for kontinuiteten i datasettene som ligger til grunn for nøkkeltallene. For Fjord sin del, har vi ikke koblet med historiske kommuner. Det betyr at data fra og med 2019 og bakover dessverre ikke er tilgjengelig i barometeret.

Grunnskole er første sektor i barometeret. Her ser vi generelt at andelen lærere som oppfyller kompetansekravene i norsk, engelsk og matematikk, har økt nasjonalt de siste årene. I Fjord oppfylte 70 prosent av barneskolelærerne i norsk, engelsk og matematikk i 1.-7. trinn kompetansekravene i 2022. De beste kommunene ligger på 100 prosent. På ungdomsskolen oppfylte 100 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.

Av dem som bor på sykehjem, var tendensen at 86 prosent hadde omfattende pleiebehov i 2022.1 Andelen øker over tid, dette indikerer at innsatsen fortsatt dreies mot hjemmebasert omsorg, og at man må være mer pleietrengende enn før for å få sykehjems plass. Forutsatt at kommunen har gode tilbud på lavere trinn i omsorgstrappa, bør de fleste som bor på sykehjem ha omfattende bistandsbehov. For Fjord hadde 84,62 prosent av dem som bodde på sykehjem, et omfattende bistandsbehov i fjor. Dette er høyere enn for mange kommuner i landet. Dette kan tyde på at kommunen i større grad har satset på hjemmebasert omsorg for dem som kan motta dette. Det er anslått nasjonalt at fire av fem over 80 år på sykehjem har en grad av demens. I Fjord var 45,16 prosent av plassene på sykehjem skjermede og tilpasset demente i fjor. Dette er lavere enn i de fleste andre kommuner i landet.

Nasjonalt har andelen saker i barnevernet som tar og hjemmetjenesten-i-norge mer enn tre måneder å behandle, gått litt ned de siste årene. Den nasjonale tendensen viser at kommunene nå overholder den normale saksbehandlingsfristen i lovverket i 89,53 prosent av sakene. Andelen fristbrudd er halvert på noen få år. I Fjord behandles 91 prosent av sakene innenfor tre måneder. Dette er bedre enn de fleste kommunene i landet.

Fjord har ifølge statistikkene 5,2 barn per årsverk i de kommunale barnehagene. Andelen av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, fortsetter å øke nasjonalt. I 2021 var andelen oppe i 86,9 prosent. I Fjord går 121,4 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallene. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.

Kommunal Rapport korrigerer netto driftsresultat for å vurdere driftsøkonomien. Nytt for to år siden var at en del kommuner får inntekter fra Havbruksfondet. Denne utbetalingen er trukket fra for å gi et bedre bilde av den langsiktige, løpende driftssituasjonen.

Gjennomsnittlig prosentverdi for korrigert netto driftsresultat var 1,1 i 2022. For dette nøkkeltallet kan det imidlertid være viktigere å se på kommunens eget resultat enn hvordan den klarer seg mot resten av landet.

Netto renteesponert gjeld for Fjord var i fjor på 79,4 prosent av brutto driftsinntekter, noe som er bedre enn de fleste kommunene i landet. Investeringsnivået i Fjord var i fjor 9,2 prosent av brutto driftsinntekter for de fire siste år, og dette er under tendensen for landet.

2.5 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TENESTE

Interkommunalt samarbeid kan bli organisert i eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samverkeføretak, foreining/stiftelse eller ein anna eining som det er rettsleg adgang til. Ein del av dei kommunale oppgåvene kan blir utført i interkommunale samarbeid. Ein oversikt over Fjord kommune sine interkommunale samarbeid ligg i vedlegg 1.

3. RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN - FORVALTNINGSREVISJON

3.1 BEREKRAFT OG SAMFUNNSUTVIKLING

Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom ein strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnsstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir.

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å **utrydde fattigdom, motverke skilnad og stoppe klimaendring** (FN-sambandet 2023). To tredjedelar av berekraftsmåla kan berre bli nådd gjennom lokal innsats, noko som gir kommunane ein avgjerande rolle i arbeidet.

Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom ein strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnsstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir. Regjeringa og statsforvalteren ventar at berekraftsmåla skal vere utgangspunkt for all kommunal planlegging.

Det generelle kostnadsbilete er aukande, særleg innan pleie- og omsorgssektoren. Utrekningar viser at kommunesektorens årlege kostnadsvekst, som følgje av endringar i demografien, om få år vil vere to til tre gonger så høg som i 2022 (KS 2023:15). Mange kommunar har ein krevjande **økonomi** med høg gjeld og høgare driftsutgifter enn -inntekter. Kommunane må planlegge for å **tilpasse drifta til inntektene**. Kommunane skal nytte **finansielle måltal** som verktøy i styringa av økonomien. Kommunane står ovanfor tøffe prioriteringar framover, og må planlegge **strategisk og samla** (Statsforvalteren sitt forventningsbrev for 2023).

Kommunane har ein stor oppgåve i å **få ned klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima**. Den verksemda kommunen legg opp til må sette minst muleg fotavtrykk i miljøet. Vi byggjer ned naturen, og mange artar er borte, eller sterkt trua. Freding av naturområde og matjord må få større merksemd. Noreg har plikta seg til å verne 30 prosent av naturen innan 2030. Dette krev at kommunane tek grep om samfunnsutviklinga på den måten dei kan.

Moglege risikofaktorar

- Manglande kompetanse og prioritering
- Berekraftsmåla er ikkje satt i samanheng
- Ulike berekraftsmål kan å vere i konflikt med kvarandre
- Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftsmåla
- Drifta er ikkje tilpassa inntektene
- Planlegg ikkje langt nok fram i tid
- Samfunnsdelen blir vedteke seint i kommunestyreperioden (KS 2022:42)
- Manglande kobling mellom samfunnsdel og andre planer, budsjett og økonomiplan

- Mangelfull oppfølging av tiltak
- Arbeider ikkje for å bevare naturmangfald
- Prioriterer ikkje å redusere klimagassutslepp
- Gjennomfører ikkje konkrete klimatiltak (gjennom klimabudsjett/styringsverktøy)

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Strategiane som er lista i energi og klimaplan inneberer at Fjord kommune skal gå føre som eit godt døme og kutte eigne utslepp, samt ta i bruk og bidra til å utvikle teknologi og klimavennelege løysingar.

Fjord kommune er med i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre der klimavennelege løysingar er ønska og etterspurt ved innkjøp. Årlege klimabudsjett i kommunen skal sikre at måla i planen blir nådd. Strategien skal bidra til dei konkretiserte hovudmål i planen.

Fjord sine hovudmål for klima og energi:

- *Innan 2030 skal klimagassutsleppa i Fjord være reduserte med minst 40 prosent samanlikna med 2009. Innan 2023 skal utsleppa vere reduserte med 20 prosent.*
- *Fjord skal medverke til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050*
- *Fjord skal bidra til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050 gjennom kraftig å redusere utsleppa og auke opptaka av CO₂.*
- *Fjord skal bidra til å oppnå det globale lågutsleppssamfunnet innan 2050.*
- *Innan 2050 skal all energibruk i Fjord være fossilfri eller avfallsbasert.*

Arealdelen i kommuneplanen har noko utdatert planverk frå dei to tidlegare kommunane Norrdal og Stordal. Det kan gjere at dei overordna planane manglar ein raud tråd. Dette arbeidet vert no prioritert med oppstart i slutten av 2023. Det viser kommunen til er eit stort arbeid som vil gå over fleire år. (Årsmelding 2023)

Klimabudsjett 2023 i Fjord vart godkjent i Kommunestyre sak 87/22. Klimabudsjett har langsiktige mål. Fjord viser til at det går tid før statistikk for utslepp ligg føre slik at det er vanskeleg å sjå om mål er nådd for 2023. (Årsmelding 2023)

Innan klima og natur frå kommunebarometeret er Fjord kommune rangert som nummer 29 i landet og som nummer 3 i fylket. Tala frå kommunebarometeret viser at klimautsleppa er redusert dei siste fire åra.

Frå oppstartsmøtet kjem det fram at kommuneleiinga ynskjer å få forankra bærekrafttemaet godt inn i organisasjonen. Dette for å skape ei heilskapleg god forankring for korleis Fjord kommune kan bli enda betre på området. (Oppstartsmøte)

Det norske klimamålet er å kutte minst 55 prosent av klimautsleppa fram mot 2030, målt frå nivået i 1990. Så langt er utslippene kuttet med 4,7 prosent. I barometeret har vi endra måten vi måler kommunanes klimainnsats på. I staden for å måle utslepp per innbyggjar, måler vi nå endringa i utslepp siste fire år. Klimautsleppa i kommunen er i dag 12,34 prosent lågare enn de var for fire år sidan. (Kommunebarometeret)

Fjord kommune scora totalt sett best på denne indikatoren av dei indikatormåla som kommunebarometeret inneheld for Fjord kommune. Kommunen har og ein klima og strategiplan som det støttar opp arbeidet overordna, og dette kjem i tillegg til innkjøpssamarbeidet, der det skal vektleggast klimavennelege løysningar.


Innan berekraftig arealforvaltning er Fjord kommune ein av dei kommunane i Møre og Romsdalsfylket som har verna størst deler av sitt eige areal i prosent. (Fylkesstatistikken)

I Miljødirektoratet si oversikt over utslepp av klimagassar i kommunar og fylke, har Fjord kommune eit auka utslepp med ein prosentendring på 18,1 % frå førre år. (Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker - Miljødirektoratet).

Fjord kommune viser til at det har blitt oppnådd første delmål i klimaplanen om 20% reduksjon i klimagassutsleppa innan 2023 (Klimabudsjett Fjord Kommune 2024). Fjord kommune si økonomiske berekraft, og kommunens finansielle måltal dei siste to åra, viser at kommunens handlingsrom er noko begrensa.

Våre vurderingar

Regelmessig oppdatering og implementering av planar er vesentleg for ha ei tilstrekkeleg kopling mellom bærekraftsmåla og kommunens planverk. Kommunen treng godt koordinerte planar og tilstrekkelege styringsverktøy for å nå dei overordna måla kommunen har satt seg. Sosial, økonomisk og klimamessig berekraft er vurdert til å ha høg konsekvens om kommunen ikkje har tiltak, eller planar, for å ivareta oppgåver og ansvar i åra som kjem. Vi har ikkje funn eller indikasjonar på at kommunen har større utfordringar enn andre kommunar i dette. Vi vurderer difor samla risikonivå for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Manglande tiltak. Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftmåla.	Utfordring å konkretisere tiltak for å nå FNs bærekraftsmål. Utfordringer med å tilpasse driften til inntektene.	Kommunen vil ikkje nå dei måla dei sett. Kommunen får ikkje ein berekraftig organisasjon, samfunn eller økonomi.	L	H	M 

3.2 LOKALDEMOKRATI

VILKÅR FOR LOKALDEMOKRATIET

Lokaldemokrati kan bli sett på som eit ideal der man vektlegg aktiv deltaking i styring og utforming av politikk. Ytringsfridom, deltaking, organisasjonsfridom og likestilling er sentrale demokratiske rettar. Eit velfungerande demokrati er vidare avhengig av at styreorgana fungerer, og at einskilde grupper ikkje får for mykje makt eller blir diskriminert. 85 % av innbyggjarane meiner kommunestyret i eigen kommune er viktig for demokratiet i det norske samfunnet (KS 2022:64).

Moglege risikofaktorar

- Politiske vedtak blir ikkje gjennomført
- Saksgrunnlag i politiske saker er ikkje tilfredsstillande
- Saksarbeidet er ikkje tilpassa folkevalde i mengde og språk
- Lite innbyggarmedverknad
- Avgrensa ytringsfridom
- Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande
- Einskilde grupper får for stor makt
- Truslar og hets mot folkevalde og administrasjon
 - Haldningar i samfunnet
 - Låg valdeltaking
 - Likestillingsarbeid er dårlig forankret blant ansatte og i ledelsen
 - Lite merksemd på aktivitetssplikta etter diskrimineringslova
 - Mangelfull kartlegging av utfordringar
 - Mangelfull opplæring av folkevalde

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen får 18 av 25 moglege poeng i åpenhetsbarometeret for 2023. Valdeltakinga i Fjord kommune har gått noko opp frå siste val, og var i haust på 66 %, noko som er litt over landsgjennomsnittet på 62,4 %. (Valgdirektoratet).

Kommunestyret gjennomførte 12 møter i 2023 med i gjennomsnittleg 9 saker per kommunestyremøte. (Fjord.kommune.no)

I kommunestyresak 4/22 ble kommuneplanens samfunnsdel for planperioden 2021-2033 vedteke. Av saksdokumenta går det fram at det er vore ei brei involvering med workshop i prosessen og innbyggjarundersøkingar.

Kommunen legg til rette for medverking i prosessane gjennom ungdomsråd, eldreråd, og råd for personar med funksjonsnedsetting der brukarane er representerte. I årsmeldinga visar

kommunen til at dei arbeider systematisk for å gje betre digitale tilbod til innbyggjarane. Fjord jobbar kontinuerleg med heimesidene og fleire andre sosiale media for å få betre tilrettelegging for brukarane.

Enkelte folkevalde opplever at saks og beslutningsgrunnlag kan være tynne, og etterlyser meir informasjon i saksutredninga og deira beslutningsgrunnlag. Nokre opplever at det ikkje blir tilstrekkeleg fylgt opp etter vedtak. (Spørjeundersøking)

Mål for 2024 er mellom anna betre flyt mellom innbyggjar – administrasjon gjennom skjema og informasjon. For å nå måla skal kommunen fortsette med å ha god informasjon ut til innbyggjarane og lage skjema så intuitive som mogleg. (Budsjett og økonomiplan 2024-2027)

Fjord kommune si nettstad har oversikt over de nemnde ulike utvala i kommunen, og har også direktelenke til minsak.no der innbyggjarane kan foreslå og fremje saker, forutsatt at man samla underskrifter frå to prosent av innbyggjarane, alternativt 300 personar i kommunen. (minsak.no)

Våre vurderingar

Det er viktig at kommunen fortsett å utvikle og implementere informasjonsstrategiar som når ut til alle grupper i kommunen. Workshops og politkaropplæring er vesentleg for sikre nødvendig og tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og heilskapeleg forståing for kommunes utfordringar.

Med bakgrunn i risikoområder og opplysningar frå kommunen, konkluderer vi med at større og meir krevjande saksdokument kan utfordre lokaldemokratiet. Vi mener det er en risiko for at dei kommunale saksdokumentene ikke i tilstrekkelig grad er tilpasset mottaker. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som L.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande	Generell tendens til større og meir krevjande saksgrunnlag i politiske saker. Kommunen tilrettelegg for medverknad i prosessar.	Trussel mot lokaldemokratiet (politikere forstår ikkje kva dei vedtek). Dei kommunale saksdokumenta er ikkje tilstrekkeleg tilpassa mottakar.	L	M	L 

OPE OG INNSYN

Å vere open og gje innsyn er somme av dei viktigaste føresetnadane for eit velfungerande demokrati. Kommunen si verksemd skal være **open** og **transparent**. Kommunen og andre offentlege etatar har ansvar for å **dokumentere** sine aktivitetar.

Pressen sitt offentlegutval og Kommunal Rapport har i 2021 undersøkt kor opne kommunane er, det vil seie i kva for grad dei gir tilgang til politiske dokument og sikrar eit generelt innsyn i forvaltninga og dei politiske avgjerane. Undersøkinga viser at Møre og Romsdal er Noregs mest opne fylke. Undersøkinga viste at store kommunar er meir opne enn små kommunar, bruken av styrevervregistret er uendra sida 2018 på 79 prosent og 20,4 prosent av kommunar opplyser å ha søkefunksjon i postlista (Pressens faglige utvalg 2022).

Moglege risikofaktorar

- Manglande merksemd på meiroffentleg
- Manglande kommunikasjonsstrategi
- Manglande krav til korleis tilsette skal møte publikum
- Mangelfull handsaming av arkivverdige materiale
- Manglande protokollføring og postjournal
- Svak internkontroll
- Informasjon som ikkje skulle vore offentleggjort blir offentleggjort
- Auka grad av digitalisering og mangfald av digitale kommunikasjonsformer
- Oppfølging av rettleiingsplikta

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen har vore igjennom ein digitaliseringsprosess av eldre papirarkiv i kommunen. Kommunen deltek i Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal om avlevering og deponering av papirarkiv.

Fjord kommune er rangert som nummer 158 på openheitsbarometeret, men rangeringa internt i fylket er låg. Kommunen har søkbar postjournal på sin nettstad.

I kommunen si årsmelding blir det opplyst om at kommunen har prioritert utbygging av kvalitetssystemet, Compilo. Det er utført opplæring av einingane i bruken av systemet. Teams er tatt i bruk i større grad etter samanslåinga av fellesteneste for personal, IT og stab frå 01.01.2022. Det har vore ein oppgradering av sakssystemet til Office 365 i ei sky-basert løysing. (Årsmelding)

Oppgraderinga gjennom digitaliseringa gjer at ein har fått ei sky-løysing med fleire funksjoner som skal gi kommunen gevinst i form av betre flyt, brukaroppleving og redusert tidsbruk. I forbindelse med digitalisering av arkivet var det fysisk gjennomgang av alle papirarkiv frå Stordal kommune og Norddal kommune i 2021 frå Interkommunalt Arkiv (IKA). Det har blitt gitt opplæring innan personvern, i regi av personvernombodet hos IKA (Årsmelding).

I kommunens arbeid med informasjonssikkerheit har Fjord utarbeidd retningslinjer som en integrert del i opplæringa innan personvern. I årsmeldinga viser kommunen til arbeid der dei har lagt mykje fokus på korleis de kan skape ein god dialog, både internt og ovanfor kommunens brukarar (Årsmelding 2023).

Kommunen opplys om at Norddal og Stordal var på ulikt nivå når dei slo seg saman til Fjord kommune som det enno er eit etterslep på for å kome på ønska nivå. (Budsjett og økonomiplan 2024-2027).

Våre vurderingar

Undersøkinga og vurderinga vår er at det ikkje er indikasjonar på at det er høgare risikonivå nivå i kommunen for feil eller manglar, samstundes som det er potensiale for betring. Ein forvaltningsrevisjon innan temaet vil kunne sjå nærare på system og rutinar. Den samla vurderinga vår er med bakgrunn i dette satt til låg (L).

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Mangelfull dokumentering og arkivering av arkivverdige materiale	Kommunen har ei proaktiv tilnærming til digitale løysingar og service.	Manglande personvern. Negativt for tillit og omdømme. Sensitive opplysningar om innbyggjarar eller viktige opplysningar for kommunen kan bli kjent for uvedkommande.	L	M	L
Informasjon som ikkje skulle vore offentleggjort blir offentleggjort					

3.3 TILLITSSKAPANDE FORVALTNING

Tillit er viktig for samspelet mellom kommunar, næringsliv, frivillige og innbyggjarar, og er ein del av det FN omtalar som sosial berekraft. Høve som **avdekka korrupsjon, manglande innsyn, manglande system til å ta opp kritikkverdige høve** eller **manglande internkontroll**, kan svekke kommunen sin legitimitet og styringsevne.

Folkeundersøkinga frå 2017/2018 viser at både innbyggjarar og folkevalde er mest nøgd med kommunane si evne til å levere teneste i samsvar med innbyggjarane sine behov, og at folkevalde har god styring (KS 2022:52).

INTERNKONTROLL

God internkontroll er essensielt for å sikre gode og riktige teneste, at lovar og føreskrifter blir følgd og at kommunestyret sine vedtak blir fult opp. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitet og risikohøve. Med den nye kommunelova kom skjerpa krav til rapportering om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn frå kommunedirektøren til kommunestyret.

Moglege risikofaktorar

- Manglande risikokartlegging
- Mangelfull internkontroll
- Auka krav til internkontroll
- Feil prioriteringar
- Manglande kompetanse og ressursar
- Mangelfull rapportering på internkontroll
- Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen nyttar Compilo som sitt kvalitetssystem (Årsmelding 2022). Det er utført opplæring i systemet i dei ulike einingane. Det er ikkje opplyst om talet på avvik som har blitt registrert i systemet i årsmeldinga for 2022 eller 2023.

I 2022 har Fjord hatt stort fokus på utbygging av kommunen sitt digitale kvalitetssystem Compilo. Bruk av modulen for å melde og behandle avvik er forankra i organisasjonen.

Statistikken tilseier at dei fleste einingane utnyttar moglegheitene til å melde avvik eller manglar på arbeidsplassen.

Gjennomførast risiko- og sårbarhetsanalyser ved din eining svara 66 prosent av dei spurte bekreftande på. Leiarane er av egen oppfatning gode på meldekultur for avvik.
(Spørjeundersøking)

Som ein del av dette internkontrollarbeidet har alle avdelingar fått besøk av leiar, verneombod og tillitsvald der ein gjekk ein gjennom avdelinga sitt årshjul for det lokale HMS-arbeidet. Saman med personvernombod har kommuneleiinga hatt ein gjennomgang av kommunen sitt arbeid med personvern og informasjonstryggleik. Dette arbeidet har fortsett i 2023. (Årsmelding)


Alle einingsleiarane oppga i spørjeundersøking at deira eining brukar kvalitetssystemet Compilo, og dei fleste tilsette får opplæring i same system. Det mest brukte delen av systemet er dokumentbibliotek og meldingssystem for kvalitetsmeldingar.
(Spørjeundersøking)

Kommunen har dei siste åra fått ein økonomisk ubalanse, der utgiftene er høgare enn inntektene. Utgiftene har auka meir enn inntektene innan mellom anna helse og omsorg, og i grunnskulen.

Det har vore utskiftingar i sentrale posisjonar innan økonomistyring. Dei demografiske endringane vil halde fram med å utfordre økonomistyringa i kommunen.

Våre vurderingar

Kommunen arbeidar vidare med sine styringssystem for å ha en overordna internkontroll. God internkontroll er essensielt for organisasjonen for å oppretthalde effektivitet og sikkerheit. Et godt implementert internkontrollsystem reduserer risiko for kommunen. Kommunen har ikkje oppgitt antall avviksmeldingar i årsmelding for 2023. Risikovurderingar er grunnlaget for prioriteringar og for å setje i verk tiltak for å redusere risiko. Om kommunen ikkje gjennomfører systematiske risikovurderingar, kan det føre til at internkontrolltiltak ikkje blir nok målretta og det kan føre til feilprioriteringar. Vi vurderer samla risikonivå for området som høg.

Risiko-faktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangelfull internkontroll.	Kommunen har ein utfordrande økonomisk situasjon i dag og i åra som kjem. Mangelfull rapportering på internkontroll til kommunestyret.	Kommunestyret har ikkje godt nok grunnlag for å ivareta sitt ansvar. Tiltak blir ikkje målretta. Feilprioriteringar.	M	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Økonomistyring

ETIKK OG VARSLING

Undersøkingar har vist at om lag halvparten av ordførarar og leiarar har sjølv opplevd ein situasjon med press om uetisk atferd eller tilbod om utilbørleg fordel. Samtidig meiner fleirtalet i DFØs innbyggerundersøking i 2021 at det offentlege handsamar alle grupper rettferdig, medan delen som ikkje er semd i det utgjer 26 prosent. I KS Lokaldemokratiundersøkelse 2017/18 kjem det fram at mange meiner at dei med gode personlege kontaktar i kommunen får betre ivaretatt sine interesser, samstundes som dei ikkje trur at folkevalde utnytt makta for eigen del (KS 2022).

Ein rapport frå Transparency International viser at innbyggerane i Noreg har høg tillit til myndighetene. Samstundes peiker rapporten på at det høge tillitsnivået i Noreg må bli ivaretatt. Blind tillit og overdriven tru på at korrupsjon skjer andre stedar enn i Noreg utgjer i seg sjølv ein korrupsjonsrisiko (Økokrim 2022). Det er Transparency International Norge sitt inntrykk at mange er villige til å risikere svært mykje, både når det gjeld straff og omdømmetap, for relativt lite (NKRF 2023).

Moglege risikofaktorar

- Manglande eller eldre etiske retningslinjer
- Manglande eller svak internkontroll
- Mangelfull opplæring i etikk
- Kommunen har ikkje oppdatert rutine for varslingsrutinane
- Varslingsrutinane er ikkje godt nok kjent
- Varslingsrutinane blir ikkje følgt opp
- Det er ikkje trygt å varsle
- Det blir ikkje lagt til rette for varslingsrutinane
- Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen har lagt ut reglement og retningslinjer for finans, økonomi og gjeldsforvaltning på heimesidene, og dei er nyleg revidert. I tillegg til delegeringsreglementet, alkoholpolitiske retningslinjer og vedtekter for næringsfondet i kommunen.

Innan helseområdet har det blitt innført nytt digitalt system for dokumentbibliotek (prosedyrar) og melding om uønskte hendingar. (Årsmelding)

I årsmelding for 2023 viser Fjord kommune til at ein har hatt stort fokus på bruk av organisasjonen sitt kvalitetssystem, som består av eit dokumentbibliotek. Der kvar sektor samla sin dokumentasjon (reglement, retningslinjer, rutinar, mm) på sitt eige område i biblioteket, slik

at skal være enkelt for dei tilsette til å finne at den informasjonen dei har behov for i arbeidskvardagen.

Kommunen opplyser at avviksmodulen i kvalitetssystemet som blir brukt for å melde og behandle avvik er forankra i organisasjonen. Meldingane gir verdifull informasjon som kan bli brukt til å lære og forbetre tenesteutøvinga. (Årsmelding 2023)

I kommunelova § 24-7 står det at revisor skal underrette kontrollutvalet om ein kvar mislege høve, og vi ventar difor å bli underretta med ein gang dersom kommunen sjølv gjennom varslingar eller på anna måte blir gjort kjend med dette.

Våre vurderingar

Vi har ikkje funn som tilseier at kommunen skal ha store utfordringar på dette feltet. Kommunen synar god bevisstheit omkring temaet og har utarbeidd reglement og rutinar som er tilgjengelege for dei tilsette. Fjord kommunen arbeider kontinuerleg med temaet. Vår vurdering er at kommunen har rutinar og en praksis for opplæring i etiske retningslinjer, men vi er usikre på etterleving og praksis ute i einingane. Vi vurderer dermed samla risikonivå som lav.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard. Det blir ikkje lagt til rette for varsling.	Har kommunen gode nok rutiner for å ta opp etiske dilemma i enhetene. Kommunen kan bli betre på å følge opp prosedyrer og varslingar.	Manglende samordning av verneombudets virksomhet. Svak rettsikkerhet for innbyggere/ansatte. Svekket omdømme.	L	M	L 

INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar gjer det krevjande for kommunane å nå sine mål. Løysinga kan vere **interkommunale samarbeid** (Statsforvalteren 2023).

Ei kartlegging av interkommunale samarbeid utført på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har formulert suksessfaktorar for velfungerande interkommunale samarbeid, avhengig av kva for samarbeidsform som er valt; **eigarskap til mål** hjå folkevalde og administrasjon i samarbeidskommunane, **formalisering** av samarbeidet og **profesjonell eigarstyring**, og **resultatrapportering**, **kommunikasjon** og pleiing av relasjonar og tillit.

Når kommunar organiser delar av verksemda si som egne selskap eller i samarbeid med andre kommunar, kan det skape utfordringar for demokratiet ved at selskapa i mindre grad er direkte underlagt kommunestyret.

Moglege risikofaktorar

- Informasjon om tenesta og verksemda blir ikkje etterspurt av folkevalde
- Mangelfull rapportering frå vertskommunen
- Manglande eigarskap til mål både politisk og administrativt
- Lite formalisert samarbeid
- Lite tillitsskapande kommunikasjon
- Tenesta blir ikkje følgt opp i praksis
- Manglande oppfølging av inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

På oppdrag frå statsforvaltaren har NIVI (2023) utarbeida ein rapport om Interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal. Rapporten peiker på somme utfordringar ved kommunalt samarbeid. Dette er manglande samordning mot eget tenesteapparat, mindre effektiv administrativ styring, samarbeid på dei store kommunane sine premisser, manglande demokratisk eigarskap og kontroll, og avvikande forvaltningskultur i interkommunale selskap. I rapporten går det fram at det er 36 formelle ordningar der Fjord kommune deltek.

Mange av kommunen sine teneste blir levert gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere desse samarbeida, og at det blir stilt krav til rapportering frå vertskommunane, og god dialog mellom eigarkommunane. Vi ser ein risiko for at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad følg opp inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret.


Fjord kommune er deltakar i Sunnmøre regionråd som er organisert som interkommunalt selskap (IKS) Fjord kommune er som nemnt med i 36 ordningar, med antall ordningar der kommunen ivareteke vertskommuneansvaret er 2, mens dei resterande 34 ordningane er med bistand frå andre kommunar i regionen. Totalt antall ordningar Fjord kommune er med i er et ganske gjennomsnittleg antall i fylket. (NIVI analyse 2023)

Fjord kommune har vedtatt si eigarskapsmelding i sak 007/22 den 10.2.2022. Av eigarskapsmeldinga følger det overordna prinsipp for eigarstyring. Fjord kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si i tråd med prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll, og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga. Fjord kommune har definert 10 overordna prinsipp for si eigarstyring.

Møre og Romsdal revisjon SA utførte eigarskapskontroll i 2022 der konklusjonen var at eigarstyringa delvis var i samsvar med krav og anbefalingar, med enkelte punkter som kunne bli forbetra.

Våre vurderingar

Fleire av kommunens tenester ytes gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere disse samarbeida, at det stilles krav til rapportering frå vertskommunane, og at det er god dialog mellom eigarkommunane. Vi vurderer at kommunen burde vurdere å følge opp tilrådingane gitt i eigarskapskontrollen. Vi ser at det kan være en viss usikkerheit knyt til informasjonsflyten omkring eigarskap. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som M.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen implementerer og følgjer ikkje i tilstrekkeleg grad opp inngåtte avtaler og rapportar frå samarbeidet til kommunestyret	Mangelfull systematisk rapportering og oppfølging av avtaler og teneste.	Kommunestyret har ikkje godt nok grunnlag for å følgje opp tjenesta.	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Interkommunale samarbeid

DIGITALISERING OG INFORMASJONSTRYGGING

Kommune-CSIRT ventar eit høgt volum av **digitale angrep** i sin analyse og utsikt for 2023. Tryggingsutfordringar som blir omtala er mellom anna: digital prosesstyring av vassleveranse, SD-anlegg (system for sentral drift av eks. varme og ventilasjon), låsesystem for bygg og idrettsanlegg, velferdsteknologi, heisstyring, tryggingskamera/overvåkingskamera, kraftverk/kraftleveranse, reinseanlegg og avfallsdeponi og forbrenningsanlegg.

Det er ein gjennomgåande tendens at digitaliseringen skjer på **tross av personvernet**. Det er fremhevet at personvernet i skule og barnehage er under press. Det ble motteke flest klagar på feil i handsaming av personopplysningar i registre. Det er meldt auka tal meldingar om brot på personopplysningstrygginga, grunna **feilsendingar og feilpubliseringar**, men også at tilgangsstyring er eit problem (Datatilsynets årsrapport for 2022).

Moglege risikofaktorar

- Svak internkontroll
- Dokumentasjon av plikter
- Manglande databehandlaravtalar med eksterne aktørar
- Mangelfull dokumentasjon av handsamingsaktivitetar
- Organisasjonskultur og kompetanse
- Manglande risikovurdering på området
- Oppfølging av personvern i einingane
- Tilgangsstyring
- Komplisert og omfattande regelverk
- Personvern er ikkje tilfredsstillande.
- Informasjonstrygginga er ikkje tilfredsstillande

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

I Fjord kommune er det ei målretta satsing på velferdsteknologi der det er identifisert store utviklingsmoglegheiter. Satsinga er avhengig av å realisere potensialet som ligg i ny teknologi for å auke kvaliteten på tenesta og gjer dei meir tilgjengelege for brukaren. Gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi ønsker kommunen å bidra til å frigjere ressursar til andre og meir naudsynte område i kommunen.


Fjord kommune har tatt strategisk initiativ til for å utvikle og innføre meir velferdsteknologi innan tenestetilbodet sitt. Velferdsteknologi som trygggleiksalarmar og elektroniske medisindispenserar står sentralt i denne utviklinga. Dette er løysningar som er under utrulling i 2024, og kommunen gjennomfører individuelle kartleggingar for å tilpasse teknologien til brukaren sitt behov.

Vidare er Fjord kommune med i eit offentleg samarbeid om IKT og digitalisering med Ålesund, Sula, og Giske kommune som avtalepartnarar. Dette samarbeidet er kjent som e-kommune sunnmøre, som har til formål å styrke den teknologiske infrastrukturen og samarbeidet mellom kommunane. Denne portalen er felles for alle tilsette i kommunen ved innlogging i ulike eksterne digitale verktøy og løysingar. Gjennom samarbeidet kan kommunane å dele ressursar, kunnskap og beste praksis for å optimalisere bruk av teknologi i sine tenester (e-sunnmøre.no).

Samla sett utgjer denne satsinga på velferdsteknologi og e-kommune-samarbeidet ein vital del av kommunens langsiktige strategi for å forbetre og modernisere offentlege tenester gjennom digitalisering. Fjord kommune utarbeidde eigen rapport om digitaliseringsstrategi tilbake i 2018.

Våre vurderingar

Vi vurderer at kommunen si deltaking i samarbeidet e-kommune Sunnmøre er med å redusere risikoen for at risikofaktorar skal inntreffe innan personvern og informasjonstryggleik til middels risiko, men vi vurderer området til å ha høg vesentlegheit. Kommune har tatt grep om implementeringa av velferdsteknologi innan sitt område for helsesektoren, som er vesentleg i å forbetre sine tenester og frigjere ressursar og auke effektiviteten. Vi vurderer samla risiko som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Personvern er ikke tilfredsstillende. Informasjons-sikkerheten er ikke tilfredsstillende	Deltakelse i eKommune reduserer risiko innenfor personvern og informasjonssikkerhet.	Negativt for tillit og omdømme Belastning for enkeltindivid. Manglende overholdelse av personvern. Sensitive opplysninger for innbyggere eller viktige opplysninger for kommunen blir spreidd til uvedkommende.	M	M	M 

Aktuell forvaltningsrevisjon kan være:

- Datasikkerhet og informasjonstryggleik
 - personvern

OFFENTLEGE INNKJØP

Norske kommunar må følgje lov og føreskrift om offentlege innkjøp. Lova skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar, og den skal sikre at det offentlege opptrer med integritet. Vidare skal reglane bidra til å motverke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motverke brot på menneskerettane.

Økokrim skriv trusselvurderinga for 2022 at **korrupsjonsrisikoen** i kommunal sektor er størst i konkurranserunder (Økokrim 2022).

Kommunar kjøper inn for store summer, og har gjennom innkjøp eit instrument for å jobbe med berekraft, til dømes gjennom å fremme omstilling til sirkulær økonomi.

Det er sannsynleg at kriminelle aktørar vil prøve å utnytte ukrainarar og andre utanlandske og sårbare arbeidstakarar til **svart og ulovleg arbeid**. Utnytting skjer særleg i arbeidsintensive yrke med ein høg del ufaglærte som **bygg og anlegg**, bilpleie- og verkstad, varetransport, reinhald og sesongarbeid innan jordbruk og fiskeri. Bruk av ulovleg arbeidskraft har over fleire år vore ein utbredt form for arbeidslivskriminalitet.

Moglege risikofaktorar

- Offentlege innkjøp blir ikkje gjort tilfredsstillande
- Svak internkontroll
- Kompetanse og ressursar
 - Offentlege innkjøp
 - Arbeidslivskriminalitet
- Manglande openheit
- Manglande miljøomsyn
 - Sirkulær økonomi
- Uklare ansvarshøve
- Mangelfull kostnadskontroll og økonomistyring
- Næringar med større risiko for kriminalitet
- Delen utanlandsk arbeidskraft er stor
- Lite samhandling med andre offentlege styresmaktar

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen har utarbeidt eige innkjøpsreglement med oppdaterte rutinar for innkjøp og varemottak. Det er avklarte ansvarsforhold ved bestillingar, varemottak og fakturering. Kommunen nyttar e-handel som hovudregel ved bestilling av varer og tenester.

I kommunens økonomireglement kapittel 13 står det om regelverket knytt til offentlege innkjøp. Kommunen er ein del av innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune. Det er vist til at alle innkjøp skal:

- utførast i samsvar med andre relevante lover, forskrifter og standardar innan dei aktuelle fag, bransje eller sektorar, og HMS-regelverk.
- utførast med høg integritet og i samsvar med kommunen sine etiske retningslinjer
- så langt det er føremålstenleg vere basert på konkurranse
- der det er mogleg, vurderast ut frå det mest fordelaktige tilbodet.

Regelverket som det vises til i kommunen eige økonomireglement: Lov om offentlige anskaffelser og Forskrift om offentlige anskaffelser.


Reglementet deler kjøp inn i typar med tilhøyrande EØS terskelverdier. I kapittel 13.4.2 opplyst det om bestilling av varer og tenester der ramme og innkjøpsavtalar der dette føreligger. Ved eventuelle bestillingar av varer og/eller tenester utover omfanget eller der det ikkje føreligg innkjøpsavtale for varer/tenester skal det bli meldt inn til nærmaste leiar om behov for innkjøpsavtale. Fjord kommune har ikkje hatt nokon saker i klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) i dei siste åra.

Frå oppstartsmøte ga kommunen uttrykk for opptatt de kunne ønske og oversikt over selskapa og sine interkommunale samarbeid generelt. Da dette pr i dag kan fremstå som noko uoversiktleg. Kommuneleiinga gir uttrykk for at man dermed betre kan vurdere det hensiktsmessige ved kommunens eigarskap i ulike selskap. (Oppstartsmøte)

Det er i Fjord kommunens næringsfond utarbeida egne retningslinjer og vedtekter tilhøyrande fondet. Både EØS-avtalen samt lov om offentlege anskaffingar setter einskilde innskrenkingar for å gi støtte til næringsutvikling.

Våre vurderingar

Vurderinga vår er at det ikkje er høgare risikonivå for dette område i Fjord kommune. Offentlege innkjøp er eit område som er utfordrande for kommunar å handtere på grunn av at det er ei oppgåve som mange tilsette gjer og at det er store summar involvert, samstundes som at det er eit regelverk med krav til konkurranse, innkjøpsprosess, dokumentering, etterleving av seriositetsvilkår og fleire . Vurderinga vår er at samla risikonivå er Medium (M).

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Innkjøp er ikkje gjort tilfredsstillande.	Mangelfull internkontroll, her under opplæring og etterleving. Mangelfull oppfølging av seriositetsvilkåra.	Tap av verdier, tillit og omdømme. Korrupsjon, arbeidslivs-kriminalitet og kameraderi.	M	M	M 

Aktuell forvaltningsrevisjon kan vere:

- Offentlege innkjøp

3.4 TENESTEYTING OG UTØVING AV MYNDE

KLART SPRÅK

Med språklova som gjeld frå 1.1.2022, har offentlege organ plikt til å bruke klart og korrekt **språk** som er tilpassa målgruppa. I media har det den siste tida vore søkjelys på at innbyggjarar kan ha utfordringar med å forstå offentlege vedtak og den informasjon som blir gitt dem. Med stadig mindre kundekontakt, er klart og godt språk viktig for innbyggjaren.

Moglege risikofaktorar

- Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa
- Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk
- Ressursar blir brukt uhensiktsmessig
- Risiko for brukar

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.


Opplysningar om kommunen

Kommunen opplyser om at alle tilsette som publiserer på deira nettsider får opplæring og rettleiing i korleis skrive for nett. Det føreligg tilgjengelegheitserklæring på kommunen si heimeside. Det er moglegheit for å gje melding om manglande tilgjengelegheit på nettsida. Nettsida blir om blir testa jamleg for avvik. Det ønskes klart språk og universell utforming av dei digitale flatane opplysast det om frå kommunen.

Når det er knapt med arbeidskraft, er det viktig at ressursane blir brukt best mogleg. Om kommunen er tydeleg i sin kommunikasjon med brukaren, reduserer det unaudsynte påkjenning på både brukar og tilsette.

Våre vurderingar

Undersøkinga vår viser at kommunen har tiltak for styrke dette område, og det er få indikasjonar på at det er u-ønskja konsekvensar som følgje av uklart språk. På grunn av desse tiltaka vurderer vi samla risikonivå for området som lav.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk	Kommunen har tiltak som styrkar arbeidet med klart språk	Informasjon og vedtak blir ikkje forstått Ikkje effektiv ressursbruk.	L	M	L 

PERSONALFORVALTNING

Mange kommunar har utfordringar med å rekruttere og få tak i riktig kompetanse. Kommunar har utfordringar med å **rekruttere** helsepersonell, særleg sjukepleiarar og legar. Mange kommunar har utfordring med å rekruttere psykolog og vernepleiarar (Helsedirektoratet 2021). For å kunne halde fram med å gje gode teneste, må kommunen ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. **Omstillingsarbeidet** må være systematisk, strategisk og målretta (Statsforvalteren 2023).

Det legemeldte **sjukefråværet** i 4. kvartal 2022 er 5,7 prosent i Norge (NAV). Kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Korona preger sykefraværet enda, som er høgare enn før pandemien. Vi ser at høgt sjukefråvær og stort arbeidspress kan utfordre **arbeidsmiljøet**.

Moglege risikofaktorar

- Mangel på kvalifisert arbeidskraft
- Nok og riktig kompetanse og ressursar
- Auka krav til fagutdanning
- Omstillingsarbeid
- Mangelfull organisering og leiing
- Lite søkjelys på arbeidsmiljø
- Manglande førebyggjing
- Manglande oppfølging og tilrettelegging
- Høgt sjukefråvær
- Manglande kunnskap om kva som aukar sjukefråværet påvirker muligheten for tiltak
- Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande
- Storleiken til kommunen gjer den sårbar.

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Fjord kommune har som mange andre kommunar utfordringar med å rekruttere helsepersonell. I årsmelding for 2022 og 2023 kjem det fram at det er stadig vakante stillingar innan helseområdet, og innan skule/barnehage. Dette blir løyst gjennom innleie frå vikarbyrå, og i ein skilde høve rekruttering av kompetanse frå utlandet. Desse faktorane medfører ekstra kostnader, og er ei mellombels løysing.

Kommunen er med i HelseSamArbeid for styrking av arbeidsdeltaking som no er inne i ein evalueringssfas. Kommunen har fått tilsett ein kommunepsykolog etter lengre tid. Det har vore arbeida med ulike prosjekt knytt til omstilling innan helse, til dømes helseplattforma, involvering i prosjektet KS «tørn», og nytt digitalt system for prosedyrar og avvik.

På likestillingsområdet er lønspolitikken i Fjord kommune utforma slik at kvinner og menn vert likebehandla i vurdering av lønn og avansement, og kommunen før ei eventuell stillingsutlysing

gjennomfører dei ei undersøking på om det er nokon i delt stilling som ønsker å auke denne. I Fjord kommune er det eit stillingsnitt på 72 % med eit blick på ønska heiltidskultur. Fjernar ein tilsette i brannkorpset har Fjord kommune eit snitt på 86 %. Fjord kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar totalt, med ein kvinnedel på 62 % (Årsmelding 2023).

Det er 224 tilsette som har ein stillingsprosent på 85% eller meir og av desse er 179 kvinner. For tilsette med 84% eller lågare stillingsbrøk er det 159 tilsette (98 kvinner). I brannkorpset er det 44 tilsette (42 menn) som arbeider i ei deltidstilling på 2,04%.

Kommuneleiinga fortel i oppstartsmøte at arbeidsmiljø som et område som kan være aktuelt undersøke nærmare, da leiinga ser at sjukefråværet er bekymringsfullt i kommunen. (Oppstartsmøte)


I årsmeldinga av 2022 kjem det fram at det blir arbeidd systematisk for å få ned sjukefråværet. Det totale sjukefråværet var på 9,54 % 2023. Det blir vist til at det har vore ein nedgåande trend i løpet av året. Det har og vore ein nedgang frå 2021 då sjukefråværet var på 11,5 % innan helsesektoren, men noko av dette fråværet kan skuldast koronapandemien i perioden. Samla sjukefråværet hadde ein auke frå 2022 med 0,36 %poeng. Mål for sjukefråværet i Fjord kommune var 2023 var 8,0 %. (Årsmelding 2022 og 2023). Det er forskjellar innan dei enkelte einingane.

I spørjeundersøkinga til leiarane og politikare i Fjord er dei einige i utfordringa med å rekruttere og behalde kompetanse no og framover. Mange av einingsleiarane meiner det er tilstrekkeleg saksbehandlingskapasitet ved deira eining. (Spørjeundersøking)

Omstilling er naudsynt for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene, og det blir vist til at talet på årsverk må ned. Samstundes må kommunen framover vri ressursane frå oppvekst til pleiesektoren på grunn av den demografiske utviklinga til kommunen. (Årsmelding 2022 og 2023)

Våre vurderingar

Kommunen har utfordringar med nok og riktig kompetanse. Kommunen har eit høgare sjukefråværet enn målsettinga, særleg innan helse. Dette kan utfordre endrings- og utviklingsarbeidet i einingane, i tillegg til å auka risiko for kvaliteten på tenestene. Vi vurderer risikoen som høg for at også andre einingar og tenester kan ha same utfordring med kompetansen. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentleg for området som høg.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
<p>Nok og riktig kompetanse og ressursar.</p> <p>Høgt sjukefråvær.</p> <p>Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande.</p>	<p>Kommunen har eit høgare sjukefråvær enn målsettinga.</p> <p>Kommunen har hatt utfordringar med å skaffe kvalifisert personell i fleire stillingar.</p> <p>Kommunen har søkelys på å få ned sjukefråværet.</p>	<p>Kommunen har utfordringar med å få tak i nok og riktig kompetanse. Dette kan påverke endrings- og utviklingsarbeidet i einingane, i tillegg til å auke risikoen for kvaliteten på tenestene.</p> <p>Vi vurderer risikoen som høy for at også andre einingar og tenester kan ha same utfordring med kompetanse.</p>	M	H	H 

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Personalforvaltning

OPPVEKST

Ungt utanforskap er ein av de store utfordringane i det norske samfunnet i dag. Mange unge faller ut av vidaregåande opplæring og talet på unge uføre aukar. Eit auka tal på barn veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Psykiske lidingar er ein viktig årsak til uføre blant unge og fråfall frå utdanning- og arbeidsliv. Omkostningane er store både for samfunnet og for dei unge det gjeld, i tillegg til at arbeidslivet mister tilgang til naudsynt arbeidskraft og kompetanse (KS 2022: 47). Eit berekraftig velferdssamfunn føreset at fleire deltek i arbeidslivet, og at fleire står lenger i arbeid.

Kommunen må jobbe **breidt og samla** for eit godt tenestetilbod til alle barn og unge. Statsforvalteren ventar at kommunane **styrker det helsefremmande og førebyggjande** arbeidet til barn, unge og deira familiar, inkluderer tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skolehelsetenesta, at kommunane satser på **lågterskel psykisk helsehjelp**, slik at ein kan få rask hjelp utan henvisning, og at kommunane gir alle barn og unge som blir henvist til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale (Statsforvalteren i Møre og Romsdal sitt forventningsbrev for 2023).

Rapporten «**Tidlig innsats**, tidlig i livet» utarbeid av forskarar på oppdrag for KS trekker frem kommunikasjon, samarbeid og samhandling mellom tenestene som viktige kriterier. Godt **tverrfaglig samarbeid** mellom aktuelle instansar, og kunnskap om andre relevante tenestetilbod er viktig for å komme tidleg på banen. Rapporten viser til at språk og kommunikasjon mellom instansane kunne vore betre. Barnehagen blir omtalt som spesielt viktig i arbeidet med tidleg innsats. Forskarane argumenterer for at det bør bli arbeid for å få relativt fleire pedagogar i barnehagen.

Moglege risikofaktorar

- Tidleg innsats fungerer ikkje tilstrekkeleg
- Ressursmangel
- Nye kompetansekrav i skule og barnehage blir ikkje følgt opp
- Utilfredsstillande internkontrollrutinar
 - Manglande risikovurdering
- Mangelfulle rutinar for overgangar
- Manglande førebyggjingsarbeid
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barns ulike behov
 - Ikkje tilpassa undervisning
- Mangelfull eller feil gjennomføring av aktivitetsplikta
- Mangelfulle rutinar for å skape eit inkluderande miljø
- Ungt utanforskap
- Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande
- Spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning fungerer ikkje tilfredsstillande
- Uklare forventningar mellom skule-heim
- Mangelfull medverknad
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid
 - Utilstrekkeleg bistand frå PPT
- Mangelfull oppfølging av barnehage

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Frå kommunebarometeret går det fram at «[i] Fjord oppfylte 70 prosent av barneskolelærerne i norsk, engelsk og matematikk i 1.-7. trinn kompetansekravene i 2022. (...) På ungdomsskolen oppfylte 100 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene».

KS sin økonomimodell viser at kommunen har hatt ein auka ressursbruk innan oppvekstområdet dei siste åra, og spesielt innan grunnskule. KS sin økonomimodell korrigerer for inntektsnivået til kommunen og utgiftsprofilen til innbyggjarane som er målgruppa for tenesta. For barnehage er ikkje ressursbruken høg sett opp mot andre kommunar, medan for grunnskulen har utgiftsauka gjort at kommunen har ein høg ressursbruk relativt til andre kommunar.

KS har nyleg utarbeida ein produksjonsindeks innan grunnskulen som viser at Fjord kommune er på landsgjennomsnittet når det gjeld skulebidragsindikatorane, grunnskulepoeng, læringsmiljø og talet på innbyggjarar i alderen 6 til 9 år i skulefritidsordning. Sett opp mot ressursbruken i grunnskulen, som er høg, får Fjord kommune en relativt låg effektivitet.

Fjord har tre barnehagar i kommunen, Fjord leverer i tillegg grunnskuleteneste og barnehageplass til Liabygda i Stranda kommune. Kommunens skular er Valldal, Stordal og Eidsdal samt Fjord vaksenopplæring. Kommunen oppfyller lærarnorma i skulane ifølgje årsmeldinga.

I årsmeldinga for 2023 viser Fjord kommune til eit høgt fagleg tenestnivå i oppvekstområdet, men og at kommunen er merksam på at det kan vere vanskeleg å rekruttere fagkompetanse, særleg i vikarstillingar.

Ei framtidig utfordring i kommunen er minkande barnetal, som gjer at Fjord i årsmeldinga visar til at det kan være nødvendig å sjå på nødvendige tilpassingar i skulestrukturen for å oppretthalde kvaliteten i åra som kjem.

Ei tverrfagleg gruppe har utarbeidd ein førebyggjande oppvekstplan i tråd med samfunnsplanen i Fjord og lovverk som krev betre førebyggingsarbeid og samordninga av dei kommunale tenestene. (Årsmelding 2023)

Andelen elever i grunnskolen som får spesialundervisning i Fjord er på 13,3 % samanlikna mot landsgjennomsnittet på 8%. Tal frå kostra indikerer og fleire årstimer går med til spesialundervisning per elev i Fjord enn for resten av landet. (SSB kostra grunnskole 2023)

Våre vurderingar

Kommunen kommer middels godt ut i fylket innanfor oppvekstsektoren i kommunebarometeret. Av vesentlege områder, finner vi at oppvekstsektoren vil ha utfordringar med å holde økonomisk ramme. Disse utfordringane kan signalisere potensielle svakheiter i systemet som kan hindre kommunen i å nå sine mål om høy kvalitet på tenester for barn og unge. Vi vurderer at oppvekst ikkje har høg risiko innanfor alle lista risikofaktorar, men at det er funn og indikasjonar innan grunnskule som gjer at vi vurderer som høgt risikonivå (H).

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande.	Grunnskule har høg ressursramme, men relativt låg produktivitet.	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte.	M	H	H
Spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning/ tidleg innsats eller PPT fungerer ikkje tilstrekkeleg.	Høgt tal på elevar med spesialundervisning og høg timetal spesialundervisning pr elev.	Elevane får ikkje den oppfølginga eller undervisninga dei har krav på. Høg ressursbruk kan gå ut over andre teneste.			

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Grunnskule, psykososialt læringsmiljø og spesialundervisning

BARNEVERN

Barns rett til **medverknad** blir ikkje godt nok ivareteke, sjølv om barn har tydelege rettar i lowverket. Det omfattar mellom anna mangel på informasjon, at dei ikkje trygt får sagt det dei ønskjer og mangel på klageadgang. Det er også dokumentert relativt omfattande manglar ved barn sin **rett til god og forsvarleg hjelp** på ein rekkje område og at mange barn opplev flytting og ustabilitet i sin omsorgssituasjon. Det er vidare påvist utfordringar ved barnevernstenesta sine **undersøkingar**. **Rammene** for barneverntenesta ser ut til å vanskeleg for små distriktskommunar. Etter utvalet si vurdering er føresetnadene for å levere gode barnevernsteneste dårlegare jo mindre barnevernstenesta er (NOU 2023:7:17).

Det har dei siste ti åra blitt gjennomført ein rekkje reformer og endringar i barnevernet på bakgrunn av svikt og utfordringar med kvalitet, særleg i det kommunale barnevernet (NOU 2023:7). Den **nye barnevernslova** frå 1.1.2023 skal gjere barnevernet enklare, meir brukarvennleg og betre tilpassa samfunnet i dag. Lova skal også bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Statsforvalteren ventar at kommunane styrkar arbeidet med **tidleg innsats** og førebygging, at det blir utarbeida ein **førebyggingsplan** mot omsorgssvikt og åtferdsproblem, og at kommunen arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Det er venta at kommunane følger opp regjeringa si pågåande **kompetansesatsing** for perioden 2018-2024 og legg til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye barnevernslova (Forventningsbrev 2023).

Moglege risikofaktorar

- Pressa ressursituasjon
- Tilsetting
- Kompetansekrav blir ikkje følgt opp
- Feil i sakshandsaminga
- Manglande retningslinjer og rutinar
- Manglande medverknad
- Lite eller dårleg samhandling mellom tenesta og andre aktørar
- Svak internkontroll
- Press frå omverda
- Tilstandsrapport blir ikkje utarbeida (og lagt frem for kommunestyret)
- Førebyggingsplan blir ikkje vedteke av kommunestyret
- Rekruttering av fosterheim
- Kvaliteten i barnevernstenesta er ikkje tilfredsstillande

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Fjord kommune har organisert barnevernet saman med Stranda kommune under sosialtenesta i kommuneområde helse, pleie og omsorg. Barnevernet består av totalt 8,5 årsverk der 3,5


årsverk er tilhøyrande Fjord kommune, og einingsleiar i sosialtenesta er og barnevernsleiar ifølgje tilstandsrapporten for 2023. Barnevernsvakta på Sunnmøre er utanom ordinær arbeidstid ei forlenging av det kommunale barnevernet. Barnevernet som heilheit ligg lågt blant kommunar i fylket etter kommunebarometeret. (Tilstandsrapport 2023)

Det er utarbeidd årleg tilstandsrapport i samsvar med lovkrav. Der vises det til ønskja utvikling for barnevernet i Fjord kommune dei komande åra. Det oppretta eit samarbeid med Ålesund og Volda kommune om fosterheim for å ha eit tilstrekkeleg tilgjengeleg tilbod.

Kommunebarometeret syner at sakshandsamingsfristen er overhalddt i 91 % av sakene i barnevernet mot landsgjennomsnittet på 89,5 %. Delen barn frå 0 til 17 år med undersøking er på 2,9 % samanlikna med gjennomsnittet i fylket på 3,5 %. I første halvår for 2022 rapporterer kommunen ingen fristbrot i undersøkingssaker og barn i hjelpetiltak med tiltaksplan og evaluert tiltaksplan ligger på 100 %.

Våre vurderingar

Kommunen nyttar Compilo som avvikssystem som det i tilstandsrapporten blir vist til har eit betringspotensiale når det gjeld å melde avvik innan tenesta. Barnevernet i Fjord har lågare kostnader til barnevernet både samanlikna med fylket og resten av landet. Det blir og vist til at tenesta ser det vil bli meir krevjande i åra framover med nye krav til kompetanse, organisering og struktur. Vi vurderer samlet risiko- og vesentlighet til M.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i barneverns-tenesta er ikkje tilfredsstillande	Tenesta har utfordringar med å skaffe kvalifiserte vikarer. Kommune ligger lågt på Kommunebarometeret for indikatoren	Forebyggende arbeid og tidlig innsats nedprioriteres. Innbyggerne får ikke de barneverns-tjenestene de har krav på.	M	M	M 

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Ressursallokering: Rekruttering av kvalifisert personell

HELSE OG OMSORG

Det er venta at kommunane styrker sitt arbeid innan **psykisk helse**. Målet er at dei som må ha psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge. Det er også varsla ein førebyggings- og behandlingsreform for **rusfeltet** hausten 2023 (Statsforvalteren 2023).

Det blir meir krevjande å finne **nok hender til å pleie fleire eldre og sjuke**, når aldersgrupper som må ha omsorgstenester aukar mykje meir relativt til folketalet i arbeidsdyktig alder. I tillegg aukar kostnadane til yngre brukarar. Meir enn tidlegare er det difor viktig med tidleg og samordna innsats (KS 2023). Kommunane må jobbe mot meir heimebasert omsorg, ta i bruk teknologiske løysingar og tenke nytt.

Moglege risikofaktorar

- Manglande ressursar
- Framtidig press på tenesta
- Manglande samordna planlegging
- Endring i organisasjonen
- Manglande bruk av velferdsteknologi
- Manglande digitalisering
 - Helseplattforma, journalføring
- Manglar i helsefremmande og førebyggjande arbeid
- Manglande rutinar og retningslinjer
- Uklart ansvar mellom ulike forvaltningsnivå og einingar
- Manglande koordinering av ulike teneste
- Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande
- Utfordringar med omstilling

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen opplyser i årsmeldinga for 2022 at noko av året vart prega av pandemi, med mykje sjukefråvær blant personalet. Av årsmeldinga blir det vist til at utfordringa med å rekruttera personale innan helse, som sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, held fram. Løysinga for kommunen har vore å leie inn frå vikarbyrå som har medført ekstra kostnadar innan sektoren. Omstillingstiltak har medført betre balanse i drifta, men det er framleis verksemder som har utfordringar med overforbruk. (Årsmelding 2022 og 2023)

I kontrollutvalsmøtet 29. januar i år vart problemstillinga rundt fråvær diskutert. Konsekvensane av sjukefråvær er fleire. Sjukefråvær kan gjere tilbodet til brukarar og tenestemottakarar dårlegare og leiinga må nytte tida si til å skaffe vikarar og få turnusen til å gå opp. Det stel tid og merksemd frå andre viktige leiaroppgåver. I tillegg er sjukefråvær kostbart økonomisk sett for kommunen, og kan gå utover andre prioriteringar. I følge KS sin modell

Sykefraværskostnadsberegning for 2022 kosta sjukefråværet Fjord kommune 9,9 mill kroner.

I årsmeldinga for 2022 syner det at kommunen har vore involvert i KS «Tørn»-prosjektet der det vart gjort tiltak for å endra organisering og arbeidsformer innan kommunen sine helseteneste, spesielt innan innanfor heimetenestedistrikta. I årsmelding for 2023 rapporterast det at tørnprosjektet vart avslutta. Prosjektet visast til årsmelding frå kommunen at Fjord har hatt positive effektar av tiltaka.

Kommunen gjennomførte brukar- og pårørande undersøkingar ved institusjon, heimeteneste og Habilitering i 2023.

Fjord kommune fekk i 2022 rekruttert ein kommunepsykolog som har vært vakant sidan 2020. Fjord kommune fekk utsett innføring av Helseplattforma med 6 månadar. Videre i årsmeldinga for 2023 vises det at tenestene i helse og omsorg har innført Helseplattformprosjektet der løysinga var i drift frå november utan større utfordringar. (Årsmelding 2023)

Fjord kommune er rangert som nummer 281 innan helse og omsorg på kommunebarometeret, lågast rangert samanlikna med nabokommunane. I Fjord kommune er delen tilsette med fagutdanning 75,2 %, litt lågare enn det nasjonale gjennomsnittet på 78 %. Vedtaka i heimetenesta som er iverksett innan 15 dagar er 95,92 %, omtrent likt landsgjennomsnittet som er på 96 %.

Av dei som bur på sjukeheim som har omfattande bistandsbehov er i Fjord kommune på 84,6 %, noko høgare enn landsgjennomsnittet vises det til i Kommunal Rapport.

Våre vurderingar

Mangel på hender gjør at kommunen må omstille seg. Det foregår allerede tjenestevriding, og det blir mer av det framover. Einingane har noko overforbruk og en del innleige av vikarer. Gode prosessar vil her vere viktig. Området blir trekt fram som eit risikoområdet i spørjeundersøkinga. Ein forvaltningsrevisjon som ser på korleis kommunen praktiserer en omstilling kan være aktuelt. Vi vurderer samla risikonivå for området som M.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreffer	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i helse- og omsorgstjenesta er ikkje tilfredsstillande. Manglande ressursar. Utfordringar med omstilling. Fremtidig press på tenesta.	Høgt sjukefråvær. Kommunen har ikkje nok ressursar. Tenestevridning.	Innbyggerne får ikkje dei teneste dei har krav på. Kan gå ut over kvaliteten på tenesta.	M	M	M ●

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon: Økonomistyring og omstillingsprosessar

MOTARBEIDING AV FATTIGDOM

Delen med vedvarande låge inntekter har auka. I hovudsak er det i husholdningar med barn at delen har auka (KS 2022:46). I Møre og Romsdal bur 4 500 barn med vedvarande låg inntekt, som er tett på ti prosent av barna i fylket. Å førebygge fattigdom er eit nasjonalt satsingsområde. **Tidleg innsats** er viktig for å førebyggje sosiale problem. Dette gjeld særleg ovanfor barn og unge som veks opp i vanskelegstilte familiar kor det er viktig å hindre at oppvekstsituasjonen fører til ytterligere og vedvarande stigmatisering. For å få til **gode tiltak** er det viktig at kommunen syt for godt **samarbeid** internt og eksternt.

Å bu trangt er ein levkårsindikator som kan seie noko om dei økonomiske og materielle førutsetnadane for gode levkår, og den aukar i låginntektsfamiliar (KS 2022).

Krigen i Ukraina har ført til den største flyktningkrisen i Europa sidan 2. verdenskrig. Det er fleire arbeidsledige- og gjennomsnittleg månedsløn er lågare for innvandrarar enn for øvrige innbyggjarar (KS og SSB.no).

Moglege risikofaktorar

- Aukande fattigdom i kommunen
- Fattigdom blir ikkje oppdaga
- Manglande ressursar
- Manglande kompetanse
- Mangel på overordna strategi
- Utilstrekkeleg oppfølging av vedtak og prioritering på området
- Utilstrekkeleg samarbeid og koordinering av teneste
- Mangelfull opplysning, råd og rettleiing
- Lite føreseieleg tal flyktningar
- Manglande integrering
- Variert målgruppe vs. individuell tilpassing.

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Fjord kommune har utarbeidd ein bustadsosial handlingsplan som er vedtatt i sak 6/23 i kommunestyret i 2023. Fjord kommune har 45 barn som bor i hushald med låginntekt i følge handlingsplanen. Den bustadsosiale monitoren frå Husbanken syner at kommunen har under ti barn i hushald som er leigetakarar og bur trangt. (Boligsosial monitor 2024)


I kommunestyresak 41/23 vedtok Fjord kommune å ta imot og busetje flyktningar på inntil 40 personar i 2023, totalt kom det 31 personar. Kommunen har vaksenopplæringstilbod på Valldal Skule. I Fjord går alle barn med minoritetsbakgrunn i barnehage. Fjord kommune har frivilligsentralar i Valldal og Stordal med faste aktivitetar. Sosialteneste/NAV Tenesten i kommunen blir kjøpt frå Ålesund kommune gjennom eit vertskommunesamarbeid (Årsmelding

2023). Kommunen opplyste i e-post av 06.05.2024 at dei er nøgde med flykntingtilbodet som blir gitt i Fjord ser seg som godt rusta på området per no.

Kommunen ligger lågast av kommunane i fylket når det kjem til sosiale teneste på kommunebarometeret. Det kan ha samanheng med at det fleire indikatorar som det ikkje er oppgitt tal for i kommunen. På ein skilde indikatorar er til dømes delen sosialhjelp i alder 18-24 ligger kommune på 6. plass i landet, med en svært låg del på 2,1%. Delen som fekk innvilga søknader om kommunal bustad var 100 prosent innvilga i Fjord, som er av de beste i landet på indikatoren. Årsaka kan vere at det er svært få som er med i talmateriale i kommunen, men det kan og vere fordi kommunen har god oversikt og raskt har kapasitet til å setje inn tilpassa tiltak. (Kommunebarometeret)

Våre vurderingar

Kommunen har ein boligsosial handlingsplan. Kommunen har tatt imot eit stort tal flykntingar som kan føre til at risiko for at delen fattige aukar. Vi har ikkje funn og indikasjonar som tilseier at det er sannsynleg at risikofaktorane inntreff innan motarbeiding av fattigdom, eller for at kommunen ikkje arbeider nok førebyggjande. Sidan dette eit område som kan ha aukande risikonivå i takt med utvikling av samfunnstrendar, vurderer vi samla risikonivå for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Aukande fattigdom i kommunen. Fattigdom blir ikkje oppdaga.	Kommunen har en boligsosial plan og oversikt over barn i låginntektsfamilier. Kommunen tek i mot eit stort antal flykninger. Fattigdom er ei generelt aukande utfordring.	Innbyggarane får ikkje den hjelpa dei treng. Fattigdom blir ikkje fanga opp.	L- M	H	M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon: Motarbeiding av fattigdom

PLAN OG TEKNIKK

Korrupsjon i kommunar oppstår ofte i samband med reguleringsprosessar av eigedommar og landbruks-, natur- og friluftsområde under utbygging (Økokrim 2022). Det har vore fleire dommar for korrupsjon innan plan- og byggesak (NKRF 2023). Plan- og bygningskontoret er den tenesta innbyggarar i Noreg er minst nøgd med i (KS 2022).

Manglende **ulovlegoppfølging** kan over tid føre til at innbyggjarar får **svекka tillit** til kommunen si byggesaksforvaltning. Ulovlege terrenginngrep truer naturen, og det er sannsynleg at både næringsaktørar og private aktørar vil gjere grove ulovlege naturinngrep (Økokrim 2022).

Berekraftig arealforvaltning er viktig for å ta vare på natur, naturmangfald, naturgodar og redusere klimagassutslepp. Arealbruksendringar er ein stor kjelde til klimagassutslepp.

Klimaendringar vil krevje at kommunane planlegg og gjer tiltak for å handtere både akutte og meir gradvise endringar. Dette handlar om samfunnstrygging, miljø og økonomi. Kommunane skal arbeide systematisk med **samfunnstrygging og beredskap**. Det blir kraftigare nedbør, fleire og større regnflaumar, stigande havnivå og fleire jord-, flaum- og sørpeskred. Skadar på grunn av dette er venta å auke i åra framover. **Overvatn** er den største av utfordringa kommunane opplev med klimatilpassing (KS 2022).

Avfallsbransjen er ein bransje med særleg høg risiko for miljøkriminalitet (Økokrim 2022:22). Det er sannsynleg at kriminelle aktørar i inn- og utland vil gjere **avfallskriminalitet** framover med bakgrunn i kombinasjonen av auka verdi på avfall og auka pris på lovleg avfallshandtering. Kommunane har eit viktig ansvar for fleire **tilskotsordningar**, særlover og arealbruk som har mykje å seie for landbruket både i dag og i framtida. Kravet om eigen kontrollplan er skjerpa for å sikre tillit til tilskotsoppgåva.

Moglege risikofaktorar

- Kommunen si risiko- og sårbaranalyse og beredskapsplanar er mangelfulle/utdaterte
- Risikovurderingar er ikkje satt i system
- Klimaendringar
- Ikkje jamnlege øvingar
- Feil i sakshandsaming
- Dispensasjonspraksis
- Manglande kompetanse i kommunen
- Eksternt press
- Mangelfull internkontroll
- Manglande ressursar
- Kvaliteten i vatnleveransar og avløp er ikkje tilfredsstillande.
- Kvalitet i bustadsoppgåvene er ikkje tilfredsstillande
- Mangelfull samhandling i kommunen
- Manglande tilsyn og ulovlegoppfølging
- Har ikkje berekraftig arealforvaltning som ser samanheng mellom utbygging, klimaendringar og tap av natur
- Gammalt leidningsnett for vatn og avløp
- Handtering av overvatn
- Ikkje på nye krav til reinsing av avløpsvatn
- Kvalitet i byggesakhandsaminga er ikkje tilfredsstillande
- Samarbeider ikkje med avfallsselskap om å innføre nye krav til å sortere avfall

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Modulen Acos Eiendom tatt i bruk innan eininga Plan og Miljø, som skal sikre betre rutinar på plan, byggesak og geodataavdelinga. Innan byggesak har kommunen overskriden lovpålagt sakshandsamingstid i 35,9 % av sakane. Det relativt høgt over landsgjennomsnittet på 12,43 %

ifølgje kommunebarometeret. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var på 42 dagar, både på byggesaker med frist på 3 og 12 veker. Det gjennomførast brann og el-tilsyn på dei kommunale bygga kvart år ifølgje spørjeundersøkinga. Kommunen har opplyst i faktasjekk at dei arbeidar fortløpande med oppdatering av eigedomsregisteret, men at det enno står at ein del arbeid.

I Fjord kommune viser Kommunebarometeret at alle abonnent er knytt til vatnleveranse med tilfredsstillande e.coli-, IE- resultat og farge, men at mange abonnement ikkje har tilfredsstillande pH-verdi.


Fjord kommune har lite lekkasje på ledningsnett for vatn, samanlikna med andre kommunar. Statistikk viser ein lekkasjegrad på 10 %.

Innen plan og teknikk området er det overholdelse av lovpålagde saksbehandlingsfrister som kan være noko utfordrende ifølge kommuneleiinga. Kommunen viser i årsmeldinga til vakansar i stillingar på området i 2023. (Oppstartsmøte) Det har vært utført tilsyn for kommunens vassverk i 2022 og 2023 fremgår det av spørjeundersøkinga. (Spørjeundersøking)

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn med sitt arbeid med samfunnstrygging og beredskap er i samsvar med sivilbeskyttelseslova og føreskriftene om kommunal beredskapsplikt. Den endelege rapporten vart sendt 17.07.2023. Hovudintrykket etter tilsynet er at Fjord oppfyller dei fleste krav i føreskrift om kommunal beredskapsplikt. Det var avdekket eitt avvik og éin merknad etter tilsynet. Avviket går på beredskapsplanen ikkje tydeleggjer kven som utgjør kommunen si kriseleiing, og merknaden omhandlar kommunens plan for oppfølging.

Våre vurderingar

Plan og teknikk er et område der det vesentlege vurderast ut frå fleire perspektiv. Det viktigaste er knytt til økonomi, miljø og berekraft, og å levere ein god teneste til innbyggaren. Kommunen meldar om at det kan være krevjande å overhalde dei lovpålagte saksbehandlingsfristane. Plan og byggesak er ein viktig teneste for innbyggjarar. Det er ein teneste innbyggjarane ofte ikkje er nøgd med i kommunane, og som er sårbar for press og korrupsjon. Tillit til at tenesta blir utført rett er vesentleg for omdømme til kommunen, og vi meiner eit prosjekt innan området er aktuelt av grunnane over.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar for byggesakshandsaming. Mangelfull internkontroll innan byggesaker.	Fristbrot i byggesakshandsaminga. Lite ressursar for internkontroll innan byggesaksområdet.	Innbyggjarar får ikkje tenesta dei har krav på. Tap av verdier, tillit og omdømme.	M	H	H 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon: Byggesakshandsaming

3.5 AKTUELLE TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON, OPPSUMMERING

Områder med låg risiko er ikkje inkludert i denne oppsummeringa.

Berekraft og samfunnsutvikling	Samla risiko og vesentleg
Strategisk og samla planlegging av arbeidet med berekraftsmåla	Middels (M/H)

Tillitskapande forvaltning	Samla risiko og vesentleg
Internkontroll – Økonomistyring	Høg (H/H)
Interkommunale samarbeid	Middels (M/M)
Data- og informasjonstrygging	Middels (M/M)
Offentlege innkjøp	Middels (M/M)

Tenesteyting og utøving av mynde	Samla risiko og vesentleg
Personalforvaltning. Nærværarbeid	Høg (H/H)
Oppvekst	Høg (H/H)
Barnevernstenesta	Middels (M/M)
Helse og omsorg	Middels (M/M)
Motarbeiding av fattigdom	Middels (L-M/H)
Byggjesaksbehandling	Høg (H/H)

4. RISIKO OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON

Vi har i innleiinga gått igjennom kva som er meint med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen sine selskap. I dette kapitelet vurderer vi kva for risiko og kva som er vesentleg for kommunen sine selskap sett imot plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i desse. Etter en kort innføring i kommunalt eigarskap tar kapitelet for seg eigarstyring i Fjord kommune før vi ser vidare på dei mest vesentlege selskapa. Analysen er delt inn etter dei ulike selskapsformene. Analysen tek ikkje for seg alle kommunen sine selskap, og den legg mest innsats i risikovurderinga av dei selskapa som er vurdert mest vesentleg. Risiko- og vesentlegvurderinga byggjer på informasjon om Fjord kommune. Dette gjeld særleg informasjon om bakgrunnen for at kommunen er eigar eller har eigarinteresser i selskapet og korleis kommunen ivaretek sine eigarinteresser. Fjord kommune har i stor grad gjort reie for og avklart dette i eigarskapsmeldinga som blei vedtatt i 2020. I tillegg har vi gått gjennom anna relevant dokumentasjon som planverk, reglement, retningslinjer og prosedyrar.

4.1 INNLEIING

Kontrollutvalet skal etter lov om kommuner og fylkeskommuner av 22.6.2018 § 23-2 (kommunelova) påsjå at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette er eierskapskontroll. I § 23-4 er det reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll er definert i kommunelova § 23-4:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»


Eigarskapsmelding er eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring ovanfor kommunalt eigde selskap med vidare. Eit viktig grep er at det no gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding i lova si § 26-1. Regelen gir minimumskrav til innhald i meldinga, og krev at meldinga skal bli utarbeidd minst éin gang i valperioden og bli vedteke av kommunestyret. Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska retning, at eventuelle medeigarar er likeverdige og samstundes som at selskapet er uavhengig.

OM KOMMUNALT EIGARSKAP

Norske kommunar har stor grad av fridom til å organisere tenestene sine. Dei kan velje mellom fleire organisasjonsformer: Kommunalt oppgåvefellesskap, interkommunale politiske råd,

interkommunale selskap (IKS), samverkeføretak (SA), aksjeselskap (AS) eller stiftingar. Vi ser at utviklinga peiker mot at delar av den kommunale tenesteproduksjonen blir flytta ut av den enkelte kommune og over i ulike former.

Uavhengig av organisasjons- eller eigarform er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for kommunen si samla verksemd. Kommunen sin påverknad er regulert gjennom lovverket knytt til dei ulike selskapsformene. Figuren under viser at organisasjons- eller eigarforma si sjølvstende i høve til kommunestyret varierer mellom dei ulike selskapsformene. Kommunestyret sin grad av påverknad for innsyn og kontroll er redusert i selskap med private eigarar, og i sjølvorganiserande stiftingar med mindre anna står i vedtekter og avtalar.



Figur 1: Oversikta visar dei ulike selskapsformene som kan etablerast for å utføre tenester i ein kommune (KS, Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, 2020).

Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen i eigen kommune, gjeld styringssystema som følgjer av kommunelova, og kommunestyret har i utgangspunktet all mynde til å ta avgjerle. Dersom verksemda er lagt i eigne rettssubjekt, som aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgje den aktuelle lovgivinga for styring av dei. Dette medfører at styring av selskapet må skje i selskapet sine eigarorgan, generalforsamling for AS og representantskap for IKS. Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefelleskap er her underlagt kommunelova. Som eigne rettssubjekt er dei styrt gjennom representantskap og styre. I AS med private eigarar og i stiftingar er det ikkje høve til kontroll med føretaket, med mindre det står i vedtektene eller selskapsavtalar.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll av IKS, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, samt AS der ein kommune eller fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjar. Opplysningane kan bli gitt frå verksemda sin daglege leiar, styret og den valde revisoren for selskapet. Reglane om innsyn og undersøkingar i selskap o.l. i kommunelova § 23-6 gjeld på tilsvarende måte for kommunen sin revisor.

KJELDER TIL DATA

Data i dette kapitelet er henta frå følgjande kjelder:

- Kommunen sitt årsrekneskap for 2022 og 2023, inkl. noter
- Kommunen si eigarskapsmelding
- Kommunen si heimeside, mellom anna postliste og politiske møtedokument
- Proff.no
- Tidlegare revisjonar og generell eigarskapskontroll 2022
- Vår kjennskap til selskapa og kommunen

4.2 EIGARSKAP I FJORD KOMMUNE

I den nye kommunelova kapittel 26 står det om eigarstyring i kommunane. Kommunar skal ha ei eigarskapsmelding, og at den skal bli revidert minst ein gang i valperioden. Fjord kommune sin eigarskapsmelding blei vedteke i februar 2022. Denne omhandlar rammeverket for kommunen sin eigarpolitikk, og omhandlar overordna prinsipp, retningslinjer og strategiar som regulerer kommunen sin styring og kontroll.

Møre og Romsdal Revisjon SA utførte ein eigarskapskontroll i Fjord kommune i 2022. Prosjektet sitt føremål var å sjå på korleis eigarinteresser i selskap var utøvd og om det var i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Kontrollen så og på om eigarstyringa var i samsvar med eigarstrategien. Eigarskapsmeldinga vart vedteken av kommunestyret i sak 7/22 den 10.02.2022.

Eigarskapsmeldinga er bygd opp av tre delar; ein generell del med overordna eigarskapspolitikk og 11 prinsipp for eigarstyring; del to inneheld oversikt over dei spesifikke eigarposisjonane, og; del tre inneheld roller, ansvar og årshjul. Det overordna målet for Fjord kommune i eigarskapsmeldinga er:

«Fjord kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdiar skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Fjord kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte»

Årsrekneskapen skal innehalde note med oversikt over aksjar og eigarpostar som kommunen har og informasjon om bokført verdi per 1.1 og 31.12. Note 5 om aksjar og andelar i årsrekneskapen 2023 er som følgjer (utdrag):

Selskapets namn	Eigarandel i %	Bokført verdi 31.12.23	Bokført verdi 31.12.22
Aksjar Biblioteksentralen AS	0,03 %	300	300
Aksjar Det Norske Teateret AS	0,0036 %	400	400
Aksjar Fjordfast AS		100 000	100 000
Aksjar Fjordhagen AS	8,17 %	25 000	25 000
Aksjar Hareid Fastlandsamband AS	0,00198 %	15 000	15 000
Aksjar Helseplattformen AS	0,14 %	14 014	14 014
Aksjar Kommunekraft AS	0,31 %	1 000	1 000
Aksjar Muritunet AS	18,79 %	2 695 000	2 695 000
Aksjar Møbelkraft AS	2,85 %	150 000	150 000
Aksjar Norsk Fjordsenter AS	2,44 %	250 000	250 000
Aksjar Norsk Skogindustri AS	0,00 %	11 725	11 725
Aksjar Stordal Alpinsenter AS	26,00 %	26 000	26 000
Aksjar Stordal Næringsbygg AS	100,00 %	1 239 000	1 239 000
Aksjar Storfjord Bladlag AS	2,04 %	5 000	5 000
Aksjar Storfjord Helsesenter AS	49,09 %	6 872 858	6 872 858
Aksjar Storfjordsambandet AS	0,07 %	6 000	6 000
Aksjar Tafjord Kraftselskap AS	4,28 %	17 100 000	17 100 000
Aksjar Utvikl forum Ålesund lufthamn AS	4,88 %	50 000	50 000
Aksjar Valldal Fjernvarme AS	96,00 %	6 540 000	6 540 000
Aksjar Valldal Kailag AS	6,32 %	20 300	20 300
Aksjar Ørskog Energi AS	20,00 %	9 379 000	9 379 000
Andelar MR Revisjon SA		63 000	63 000
Andelar Norddal Vassverk SA		15 000	15 000
Andelar Storfjord Kulturhus SA	0,65 %	5 000	5 000
Andelar Tafjord Vasslag SA		7 000	7 000
Andelar Ytterdal Nye Vassverk SA		34 500	34 500
Andelar Åknes-Tafjord IKS	20,00 %	200 000	200 000
KLP egenkapital	0,04 %	14 666 706	13 657 024
Andelar ÅRIM IKS	2,48 %		15 000
Aksjar Bingsa Gjenvinning AS	2,48 %	15 000	
Sum aksjar og andelar		59 506 803	58 497 121

FJORD KOMMUNE ER MEDEIGAR I FØLGANDE SELSKAP

Aksjeselskap (AS):

- Valldal Fjernvarme AS
- Stordal Næringsseiendom AS
- Stordal Næringsbygg AS
- Ørskog Energi AS
- Fjordhagen AS
- Valldal Kailag AS
- Tafjord Kraft AS
- Norsk Fjordsenter AS
- Storfjord Bladlag AS
- Tafjord Kraft AS

- Attvin AS
- Kommunekraft AS
- Hareid Fastlandsamband AS

Interkommunale selskap (IKS):

- Åknes/Tafjord beredskap IKS
- Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap IKS (Årim)

Samverkeføretak (SA):

- Møre og Romsdal Revisjon SA
- Storfjord Kulturhus SA
- Ytterdal Nye Vassverk SA
- Norddal Vassverk SA
- Tafjord Vasslag SA

Stiftingar

- Stiftinga Viti
- Stiftinga Severinbrauta
- Stiftinga Geirangerfjord verdsarv
- Stiftinga Paktarstova

4.3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP

Vi har brukt følgande faktorar ved val av selskap som er eigna til eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon:

- Selskapet driv ein lovpålagt teneste for kommunen
- Selskapet har ein omsetning av ein viss storleik
- Selskapet har ein stor økonomisk verdi for kommunen
- Selskapet har ein allmenninteresse
- Selskapet har tilsette
- Storleik på eigarskapet

GENERELLE RISIKOFAKTORAR

Når det gjeld prinsipp for eigarskap og forvaltning, formål med eigarskap samt representasjon i eigarorgan og styre, er det somme generelle risikoområde:

- Kommunen har uklare prinsipp for utøving av eigarskap
- Kommunen bryt habilitetsreglar
- Kommunen er ikkje open i utøvinga av sitt eigarskap
- Føremålet med eigarskapet er uklart
- Kommunen kontrollerer ikkje om selskapet når sine mål
- Kommunestyret sitt vedtak blir ikkje følgd av selskapet
- Nominasjonsordning i kommunen sikrar ikkje naudsynt samla kompetanse i styret i selskap
- Mål og strategiar blir ikkje følgd opp
- Selskapet rapporterer ikkje i tråd med lovkrav og avtale
- Det er ikkje sikra innsyn og offentlegheit om eigarskap og i selskapa
- Kompetansen i styret og styresamansetjing er ikkje i tråd med kommunen sin strategi
- Habilitetsreglar blir ikkje omsyntatt ved styresamansetjing
- Selskapet følgjer ikkje opp berekraftmåla.

Fjord kommune bør ha rutinar for eigarskapskontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista ovanfor inntreffer.

EIGARSKAP

Etter søk på proff.no gir følgande oversyn over aksjeselskap der Fjord Kommune eig aksjar:

Selskap	Eigardel	Selskap	Eigardel
Stordal Næringsbygg AS	100 %	Sparebanken Møre	0,001 %
Valldal Fjernvarme AS	96 %	Sparebank 1 Smn	0,001 %
Ørskog Energi AS	20 %	Sparebank 1 Nord-Norge	0,001 %
Fjordhagen AS	8,17 %	Sparebank 1 Sørøst-Norge	0 %
Valldal Kailag AS	6,316 %	Sparebanken Vest	0 %
Tafjord Kraft AS	2,85 %	Scatec ASA	0 %
Norsk Fjordsenter AS	2,441 %	Sparebank 1 Østlandet	0 %
Storfjord Bladlag AS	2,041 %	Storebrand ASA	0 %
Tafjord Kraft AS	1,425 %	Sparebank 1 Sr-Bank ASA	0 %
Attvin AS	0,667 %	Aker ASA	0 %
Kommunekraft AS	0,313 %	Mowi ASA	0 %
Hareid Fastlandsamband AS	0,156 %	Vår Energi ASA	0 %

I eigarskapsmeldinga frå 2022 er følgjande selskap oppgitt:

Aksjeselskap	Total tal aksjar/delar	Del
Norsk Skogindustri AS	Minoritetspost. Selskapet er under konkurshandsaming.	0,00 %
Storfjordsambandet AS	Total aksjekapital er kr. 1 521 000	0,07 %
Kommunekraft AS	Total aksjekapital kr. 320 000	0,31 %
Tafjord Kraftselskap AS	Total aksjekapital 400 mill.	4,28 %
Storfjord Helsesenter AS	Total aksjekapital 14 000 000	49,09 %
Valldal Fjernvarme AS	Total aksjekapital 4 000 000	91,50 %
Muritunet AS	Total aksjekapital 14 343 000	18,79 %
Det Norske Teateret AS	Total kapital 11 244 000	0,0036 %
Valldal Kailag AS	Fjord kommune eig 12 av 152 aksjar	6,32 %
Fjordhagen AS	250 aksjar av 3060 aksjar	8,17 %
Hareid Fastlandsamband AS	15 aksjar av 7 587 aksjar	0,00198
Norsk Fjordsenter AS	1250 av 51201 aksjar	2,44 %
Storfjord Bladlag AS	20 aksjar a kr. 250,-	2,04 %
Stordal Alpinsenter AS	Fjord kommune eig 26% av Stordal Alpinsenter AS	26,00 %
Ørskog Energi AS	400 av 2000 aksjar	20,00 %
Stordal Næringsbygg AS	1200 av 1200 aksjar	100,00 %
Møbelkraft AS	150 aksjar av 5 262	2,85 %

Utviklingsforum Ålesund lufthamn	Hadde 41 eigarar som hadde 1 aksje kvar. Fjord har no 2 aksjar.	4,88 %
----------------------------------	---	--------

Interkommunale selskap		
Åknes/Tafjord beredskap IKS	Fjord kommune sin eigardel i ÅTB.	20,00 %
Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap IKS (tidlegare Årim IKS)	Fjord kommune sin eigardel i ÅRIM	2,48 %

Pensjonskasser		
KLP	Samla Eigenkapital 37 339 000 000	0,03 %
Statens pensjonskasse		

Lokale samverkeføretak		
Storfjord Kulturhus SA	Total aksjekapital 771 00	0,65 %
Ytterdal Nye Vassverk SA	Andel i vassverk i samband med kommunale eigedomar i bygda	
Norddal Vassverk SA	Andel i vassverk i samband med kommunale eigedomar i bygda	
Tafjord Vasslag SA	Andel i vassverk i samband med kommunale eigedomar i bygda	

Stiftingar i kommunen		
Stiftinga Viti (Tidl. Yste Skotet)		
Stiftinga Severinbrauta		
Stiftinga Geirangerfjord verdsarv		
Stiftinga Paktarstova		

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Kommunen har vedtatt eigarskapsmelding med generelle strategiar for eigarskap og med prosedyrar for dei ulike oppgåver som ligg til dei ulike rollene eigarskapsstyringa. Det er kommunestyret som vel eigarrepresentant til kommunale selskap.

I dei aller fleste eigarskap er det ordførar som er eigarrepresentant. Kommunen si eigarskapsmelding legg opp til at eigarrepresentant skal på vegne av kommunestyret følgje opp eigarskapet og rapporterer til kommunestyret. Eigarskapsmeldinga stiller like krav til rapportering frå alle eigarskap.

Funna i eigarskapskontrollen avdekka at folkevalde fekk opplæring i eigarskap og hadde lagt opp eit årshjul som berre til dels er følgt opp i ettertid. Det var heller ikkje etablert tilstrekkelege rutinar for å rapportere om tilstanden i dei ulike selskap Fjord kommune har eigarinteresser i.

Fjord kommune har mellom anna store eigardelar i Stordal Næringsbygg AS og Valldal fjernvarme AS.

Ut i frå vurdering frå eigarskapskontrollen hadde ikkje Fjord kommune rutinar som sikrar god eigarstyring. Det blir ikkje tilstrekkeleg eigarstyring i samsvar med strategien. Kontaktpersonar var ikkje oppnemnt og melding om eigarstrategi er heller ikkje sendt til føretaka.

Tilrådingane våre frå eigarskapskontrollen var følgjande:

- Gjennomføre eigardag og fag/tematiske dialogmøte i tråd med vedteken eigarskapsmelding.
- Sjå nærare på om folkevalde skal ha meir opplæring innanfor eigarskap.
- Sjå nærare på om ein skal utarbeide ein mal for årleg tilstandsrapportering frå aktuelle føretak.
- Korrigere punkt om «føringane eigarutvalet gjev» i eigarskapsmeldinga.
- Kommunisere eigarskapsmeldinga til alle føretak, og også kommunisere tydeleg eigarskapsmeldinga sitt punkt om at korrespondanse skal sendast til postmottak i kommunen for journalføring.
- Eventuelt sjå nærare på om punktet over kan gjennomførast i samband med helsing frå ordførar.
- Utnemne administrative kontaktpersonar for dei enkelte føretaka så raskt som mogleg.
- Sjå nærare på ein plan for «saksmapper» i arkivsystemet som gjer det enkelt å journalføre og å følgje opp at dokument er på plass.
- Avklare om det ligg noko ekstra krav om utarbeiding av årshjul i punkt 11 i overordna prinsipp «Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak» ut over årshjulet som allereie ligg i eigarskapsmeldinga.

Kommunestyret fatta følgjande vedtak ved handsaminga av eigarskapskontrollen, i sak 082/22, etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.


Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbetringpunkt som rapporten peiker på. Dette skal rapporterast tilbake til kontrollutvalet innan 1. mai 2023.

Rapporten bør takast med når kommunen sin eigarskapsmelding skal oppdaterast.»

Når det kjem til risiko- og vesentlegvurdering av generell eigarskapskontroll, vurderer vi at det kan vere aktuelt å følgje opp desse punkta i undervegs i perioden for å undersøkje i kva grad tilrådinga og kommunestyret sitt vedtak blir etterlevd. Kontrollen sist viste at kommunestyret

har vedteke eit system for eigarskapsforvaltninga. Kommunestyret la opp til vidare system og rutinar for etterleving av eigarskapsforvaltninga. Det har og vore utskiftingar i nøkkelpersonell både politisk og administrativt i etterkant av førre eigarskapskontroll. Samla vurderer vi risikonivået til høgt.

Risikofaktor	Grunngjeving av nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kommunestyret sine vedtak, mål og strategiar blir ikkje følgt opp.	Førre eigarskapskontroll avdekte fleire oppfølgingspunkt. Kommunestyret har vedteke vidare oppfølging av eigarskapsforvaltninga. Utskifting av nøkkelpersonell.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og verksemda blir ikkje utvikla til beste for kommunen og innbyggjarane. Kommunen sitt omdømme blir svekka.	M	H	H 

Aktuelt tema for eigarskapskontroll:

- Eigarskapskontroll – Eigarskapsstyring og -oppfølging

4.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

GENERELLE RISIKOFAKTORAR

- Følgje opp mål og strategiar
- Berekraftsmåla blir ikkje følgt opp i selskapa
- Innsyn og offentlegheit blir ikkje sikra
- Innkjøpsregelverket blir ikkje følgt
- Etiske retningslinjer blir ikkje følgt
- Styresamansetjing
- Arbeidslivskriminalitet
- Økonomisk styring
- Svak internkontroll

Selskapa bør ha rutinar og ein internkontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista opp ovanfor inntreff.

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Vurdering om og i tilfelle hvilke selskap revisjon skal rettes mot kan vurderes ut fra flere perspektiv. Momenter i disse vurderingene er eierandel, verdi, og grunnlaget for eierskapet (politisk, regional politisk, økonomisk/ finansielt, om selskapet leverer tjenester til kommunen etc.).

Selskap som er vurdert


ATTVIN AS


Selskapet er et resultat av samanslåinga av selskapa ÅRIM IKS og Bingsa. Frå 1. september 2023 vedtok generalforsamlinga at det nye selskapet skulle få namnet Attvinn AS. Aksjane i selskapet kan berre vere eigd av offentlege. Ålesund kommune har den største eigardelen med 90 %, medan dei 6 andre kommunane har mindre eigardelar der Fjord kommune har en eigardel på 0,6 %.

TAFJORD KRAFT AS

Konsernet TAFJORD driver sin virksomhet innen fire områder, vannkraft, energigjenvinning, telekom og kraftnett. Strukturen i TAFJORD er bygget slik at virksomhetsområdene vannkraft, energigjenvinning og telekom, er organisert som egne aksjeselskaper (datterselskaper), deriblant Tafjord Kraft AS. Kraftselskapet Tafjord Kraft AS har åtte heleide vannkraftverk i drift i Tafjord, i Fjord kommune. Fjord kommune er en av 6 eiere i Tafjord Kraft AS, med 1,4 % A-aksjer og 2,85 % B-aksjer.

Selskapet vart omtala i oppstartsmøtet som aktuelt for forvaltningsrevisjon. Tematikken som vart tatt opp var eigarstyring og demokratisk kontroll av de selskapa kommunen har eigenandelar i, som det kan være interessant å sjå på moglegheitene for å undersøke nærare.

Selskap	Grunngjeving av nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Tafjord Kraft AS	Selskapet driver verksemd som har betydning i for fornybar kraft og kritisk infrastruktur.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og virksomheten utviklas ikkje til beste for kommunen og innbyggerne. Kommunens omdømme svekkas.	M	M	M 

Selskap	Grunngjeving av nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Attvin AS	Selskapet driver verksemd som har stor betydning i arbeidet med miljømessig bærekraft.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og verksemda utviklast ikkje til beste for kommunen og innbyggjarane. Kommunen sitt omdømme blir svekka.	M	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Attvin AS, berekraft og sjølvkost

REFERANSELISTE

- Datatilsynet (2022). Årsrapport 2022. Hentet fra: [Årsrapport for 2022 | Datatilsynet](#)
- Datatilsynet (2023). Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner. Hentet 25.5.2023 fra [Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner | Datatilsynet](#)
- Driva 2023. Svekker tilliten og setter rettsikkerheten i fare. Hentet 25.5.2023 fra – [Svekker tilliten og setter rettsikkerheten i fare - driva.no](#)
- FN- Sambandet (2023). FNs bærekraftsmål. Nettside. 02.05.2023: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Helsedirektoratet (2021). utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene – en grafisk framstilling av resultatene fra Kommunesektorens arbeidsgivermonitor. Hentet 11.5.2023 fra: [Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene - Helsedirektoratet](#)
- Kommunal Rapport (2023). Kommunebarometeret. [Kommunebarometeret - Om Kommune­barometeret \(kommunal-rapport.no\)](#)
- Kommune-CSIRT (2023). Digitalt situasjonsbilde no. 1 for 2023. Hentet fra: <https://kommunecsirt.no/nyheter-og-artikler/digitalt-situasjonsbilde-no-1-for-2023>
- Kommunenes sentralforbund (2019). Hva er kommunens utfordringer? Klimatilpasning i praksis. Hentet 02.05.2023 fra ks.no: <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/hva-gjor-vi-med-klimaendringene-klimatilpasning-i-praksis/hva-er-kommunenes-utfordringer/>
- Kommunenes sentralforbund (2022). *Status kommune 2022*. Hentet 04.05.2023 fra <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/statistikk-og-analyse/status-kommune/KS-Status-kommune-2022-web.pdf>
- Kommunenes Sentralforbund (2022 b). *Utfordringene vi må løse*. Hentet fra: [Utfordringene vi må løse - KS](#)
- Kommunenes sentralforbund (2023). *Status kommune 2023. Der folk bor*. Hentet 25.05.2023 fra: [Status-kommune-2023.pdf \(ks.no\)](#)
- Kunnskapsdepartementet (2019). *Meld. St. 6 (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Hentet fra: [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)
- Kommunal- og distriksdepartementet (2022). Hentet fra: [Kontrollutvalgsboka \(regjeringen.no\)](#).

- Vinsand, Geir (2023). «NIVI Rapport 2023:3. Interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal». Hentet 06.01.2024 fra: [Notat \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no)
- NKRF (2023). Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene. Hentet 9.5.2023 fra [Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene - NKRF](#)
- NOU 2023:7. Trygg barndom, sikker fremtid — Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet. Hentet 16.5.2023 fra: [NOU 2023: 7 - regjeringen.no](https://regjeringen.no)
- Politiets Sikkerhetstjeneste (2023). Nasjonal trusselvurdering 2023. Hentet 9.5.2023 fra [NTV-2023 \(pst.no\)](#)
- Pressens faglige utvalg (2022). Åpenhetsbarometeret 2022. Hentet 11.5.2023 fra [Åpenhetsbarometeret 2022 - Presse.no](#)
- [Årsrapport 2021 - Møre og Romsdal 2025 \(360online.com\)](#)
- Regjeringen (2021). Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning. Hentet 23.5.2023 fra [Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning - regjeringen.no](#)
- Regjeringen (2022). Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024. Hentet 26.05.2023 fra [Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024 - regjeringen.no](#)
- Statistisk sentralbyrå (2024) ssb.no. Hentet 20.04.2024. [12255: Utvalgte nøkkeltall for grunnskole \(K\) 2015 - 2023. Statistikkbanken \(ssb.no\)](#)
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2023). Forventningsbrevet 2023 – Våre forventninger til kommunane. Hentet 25.05.2023 fra: <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/container-kommunemote/forventningsbrev2023/>
- Valgdirektoratet (2024). Valgresultat.no Fjord kommune. Hentet 10.04.2024. [Valgresultat](#)
- Økokrim (2022). Økokrim trusselvurdering 2022. Hentet 9.5.2023 fra [Økokrims trusselvurdering 2022 - Økokrim \(okokrim.no\)](#)
- Universitetet i Stavanger (2022). Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats i livet. Hentet fra: [Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats i livet | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](#)

VEDLEGG: OVERSIKT OVER INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Interkommunalt samarbeid kan bli organisert i eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samverkeføretak, foreining/stiftelse eller ein anna eining som det er rettsleg adgang til. Ein del av dei kommunale oppgåvene kan blir utført i interkommunale samarbeid. Lista er ikkje uttømmende.

INTERKOMMUNALE SELSKAP

- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Sunnmøre Friluftsråd
- Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
- Sunnmøre Regionråd IKS
- Åknes/Tafjord beredskap IKS
- Bingsa Gjenvinning AS
- E-kommune Sunnmøre
- Interkommunalt utval mot akutt forureining Sunnmøre

KOMMUNALE FORETAK

- Møre og Romsdal 110-sentralen KF

KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESKAP

- Kommunalt oppgåvefelleskap om Brann- og redningstenester mellom Fjord kommune og Stranda kommune

ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID

- Arbeidsgjevarkontroll
- Ålesund og Fjord PPT
- Stranda og Fjord Barnevern
- NAV
- Barnevernvakta for Sunnmøre
- Sunnmøre Krisesenter
- Ålesund kommunale barnevernvakt
- Overgrepsmottak Sunnmøre
- Innkjøpssamarbeid Ålesund

SAMVIRKEFØRETAK

- Biblioteksentralen SA
- Møre og Romsdal Revisjon SA
- Storfjord Kulturhus SA

PARTNARSKAP

- ALV Møre og Romsdal
- God helse

FOREININGAR, LAG OG ORGANISASJONAR

- Destinasjon Ålesund og Sunnmøre
- Landsamanslutninga for vasskraftkommunar
- Utmarkskommenes samanslutning
- KS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 20/24	Fjord kontrollutval	02.09.2024

Tilråding til budsjett 2025 frå Fjord kontrollutval.

Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval foreslår til kommunestyret ei samla budsjettramme 2025 for kontrollarbeidet på kr 1 525 273

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 110 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 440 273
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 975 000

Bakgrunn:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår då utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjonen.

Fjord kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS). I tråd med selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtek budsjettet for dette selskapet og det vert her tatt med kun som informasjon.

Fjord kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som si revisorordning. Revisjonen som vert utført består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler, og omfattar revisjon av kommunerekneskapen og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå brukt tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden.

Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Vurdering:

Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA på dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2022, 2023 og delar av 2024, samt tek utgangspunkt i deira vedtekne satsar.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påverka av kor godt kvalitetsikra årsrekneskapan er frå kommunen si side, når den vert levert i februar. Det har vore gjennomført ein risiko og vesentlegvurdering (ROV) i 2024 som grunnlag for arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Denne plana skal handsamast av kommunestyret innan utgangen av 2024. Det er difor eit ynskje at Fjord kontrollutval kan bestille ein forvaltningsrevisjons rapport på vegne av kommunestyret i 2025.

Med bakgrunn i dette vil ein foreslå eit budsjett for 2025 på kr 975 000 for dei tenester som revisjonen utfører.

Sekretariatstenester:

Det er Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet. I tråd med Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet som vedtek eigarskapsandelen. Dette vert gjort i slutten av oktober 2024 og ein må difor her legge til grunn forslag frå dagleg leiar til styret og til representantskapet.

Dersom representantskapet vedtek endring i eigarskapsandelen for 2025, vil sekretariatet informere om dette etter at representantskapet har gjort sitt vedtak i oktober.

Kontrollutvalet:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv og talet møter byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om der ikkje kjem uforutsette hendingar som kontrollutvalet må handtere, så vert det planlagt fem møter i 2025. Godtgjersle knytt til kontrollutvalet er omfatta av Fjord kommune sitt reglement for folkevalgte og vert utbetalt direkte frå kommunen på lik linje med andre folkevalde organ. For 2025 med fem møter vert møtegodtgjersla stipulert til i underkant av kr 54 000.

Det er sær s viktig for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Det å delta i erfaringsutveksling og kompetansebygging på samlingar med andre kontrollutval er ein viktig del av dette.

I tillegg til konferansar vil det vere særns nyttig å få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane som har fokus på fagkompetanse på kontroll og tilsynsarbeid. Det er NKRF-kontroll og revisjon og Forum for kontroll og tilsyn - FKT. Abonnement på fagbladet Kontroll & revisjon og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn er viktige kompetansesetader. Fjord kommunestyre valde i 2022 å melde kommunen inn i FKT (forum for kontroll og tilsyn) etter tilråding frå kontrollutvalet. Medlemsskapet er lagt inn i den samla summen som her er forslått for kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vert forslaget til eit budsjett for 2025 for kontrollutvalet være på kr 110 000,- og det inneheld då både møtegodtgjering og kurs/kompetanse for kontrollutvalet.

Budsjettforslaget på kr 1 525 273 for kontrollarbeidet i Fjord kommune for 2025 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle kontrollutval	54 000	
Kurs og opplæring	40 000	
Abonnement og medlemskap NKRF og FKT	16 000	
Kontrollutvalet		110 000
Sekretariatstenester (SKS IKS)		440273
Rekneskapsrevisjon (inkl. attestasjoner)	660 000	
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	315 000	
Revisjonstenester (MRR SA)		975 000
Sum kontrollarbeide 2025 Fjord kommune		1 525 273

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje uendra tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon. Denne prosessen sikrar at kontrollutvalet sin uavhengigheit vert oppretthalden, og at utvalet sitt framlegg ikkje vert endra eller påverka av kommunedirektør eller formannskap.